Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	243 162	270 553	283 096	231 820	305 533	232 604	249 726

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune



1-5 år med barnehageplass (B)
brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager

I Ål kommune har 94% av barn i alderen 1-5 år barnehageplass (kjelde: Framsikt/Kostratal):

	Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr)
Ål	94,1 %	90,3
Hol	96,0 %	95,8
Gol	89,8 %	82,2
Hemsedal	93,3 %	89,1
Nord-Aurdal	93,0 %	76,3
Kostragruppe 05	93,5 %	85,0

Makspris i barnehagepris sone 2 er sett til kr. 700 pr måned.

Ål introcenter

Busetting og inkludering av flyktningar er eit tverrfagleg og sektorovergripande fagfelt. Det er også eit uføreseieleg fagfelt, der busettingstal i kommunen blir vedteke politisk frå år til år.

Tilbodet om opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarak er også blant anna avhengig av busettingtala i Ål kommune og Hol kommune, og varierer frå år til år.

Det er viktig å jobbe for å skape kontinuitet i arbeidet, sørge for vidareføring av kompetanse, ha fokus på utvikling og å legge til rette for ei ramme der det er mogleg å skalere opp og ned etter behov.

Ål kulturskule

Kulturskulen har høg aktivitet og god utvikling, med fleire elevar som kombinerer fleire fag. Det gir djupare læring og meir tverrfagleg samarbeid. Vi følgjer opp den nye rammeplanen *Kulturskule for alle* med breidde, inkludering og økt rekruttering. Å få fleire gutar inn i tilboda har vore ei målretta satsing, og dette arbeidet held vi fram med.

Elevtalet i kommunen går ned, og kulturskulen må vera innovative for å treffsikkert møte framtida.

Vi ønskjer å bruke meir ressursar og kapasitet på folkemusikk og folkedans, som ein del av kulturarven i regionen.

For å sikre kvalitet og kontinuitet må vi ta vare på og utvikle kompetansen i staben. Samtidig er det avgjerande å vidareføre samarbeidet med kommunar som kjøper tenester, trass stram økonomi.

Hallingdal leirskule

Hallingdal leirskule sine største utfordringar med tanke på budsjett er at vi ikkje har full oversikt over tal elevar kvart år. Skulene melder inn tal elevar når det blir skreve kontrakt, men det kan oppstå endringar. Difor må vi gå ut frå eit gjennomsnitt når vi legg budsjettet. Vidare er det ei utfordring at enkelte kontraktar går ut sommaren 2025; det er difor avgjerande at Topcamp klarar å få avtale med nye skuler.

Strategi

- Strategidokument Oppvekst 2030
- Tett og tidleg på
- Læringsutbytte
- Leik og leikbasert læring – praksisnær læring
- Styrkebasert tankesett/tilnærming
- Autoritativ vaksenrolle
- Elev- og barnesyn
- Heilskapleg læring
- Pedagogisk bruk av IKT
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Kompetanseheving
- Oppfølgingsordningen


Personell og behov i framtida

Sektoren har ei stor utfordring i forhold til å behalde og rekruttere kvalifisert personell og nok personell. Dette gjeld både skule og barnehage. Tal lærarak pr elev har gått ned i kommunen, det same har årstimar gjeve av medarbeidarar med godkjent utdanning. Ål kommune er i same situasjon som resten av landet; nesten 1 av 5 lærarak har ikkje godkjent utdanning i Noreg. Totalt manglar vi pr september -25

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

lærarar med godkjent utdanning i 8,1 stilling og medarbeidarar med barnehagelærerutdanning i 7,0 stillingar; altså totalt 15,1 vakante stillingar.

Undervisning gjeve av undervisningspersonale med godkjent utdanning er redusert sidan 2021, og lågare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne med (kjelde: Framsikt);



Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

	2021	2022	2023	2024
Ål	94,7	91,5	87,9	86,0
Hol	97,2	89,6	81,9	88,1
Gol	100,0	95,1	97,7	98,7
Hemsedal	96,2	88,3	97,8	96,0
Nord-Aurdal	98,6	93,3	94,5	90,5

Behalde og rekruttere fagpersonell, både i skule og barnehage, blir ei svært viktig oppgåve framover; oppvekstsektoren må fokusere på å behalde alle dei dyktige tilsette vi har i sektoren, og samstundes prøve ut tiltak for å rekruttere nye. Det er viktig at kommunen jobbar med denne utfordringa framover; vurdere alternative måtar å organisere tenestene på, igangsetje eit målretta arbeid for å betre rekrutteringssituasjonen til denne type stillingar i kommunen og arbeide med kompetanseheving for tilsette som allereie arbeider i sektoren.

Sektoren har hatt relativt stort sjukefråvær, spesielt i barnehagane. Dette skapar saman med vakante stillingar stort press på vårt personell.

Samstundes medfører

- redusert barnetal i skulene
- auka behov for barnehageplassar
- auka behov for omfattande tiltak og støtte rundt enkeltbarn/elevlar
- behov for meir spesialkompetanse, både i skule og barnehage

behov for å vurdere nye måtar å organisere tenestene på.

Dette er eit arbeid sektoren må fokusere på også i 2026.

Økonomi

Innsparingskrav for oppvekstsektoren i budjettrundskrivet 2026 er på **kr. 7.427.373**. I tillegg er det lagt inn innsparingstiltak på kr. 1.000', dvs totalt **8.427'** i **innsparing**.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Oppvekstsektoren foreslår å dele innsparingskravet mellom innsparing på kvar avdeling, og nokre felles tiltak. Det er viktig at innsparingstiltaka har barn/elevlar i fokus, og i minst mogleg grad går ut over barn, elevlar, tenester, tilsette og kvalitet, og at innsparingane er forsvarlege både pedagogisk og personellmessig. Oppvekstsektoren skal levere tenester i tråd med sentralt lovverk og forskrifter, dessutan lokale krav, rammer og føringar. Våre medarbeidarar er den viktigaste ressursen for å levere tenester i tråd med føringane for våre tenester.

Ein foreslår desse felles innsparingstiltaka for oppvekstsektoren:

	Tiltak	Grunngjeving	Ca innsparing 2026	Merknad
1.	Sommarstengte barnehagar (alle 5 bh) 3 veker samanhengane, veke 28, 29 og 30	Utvide frå 2 til 3 veker sommarstengt. Reduserte vikarutgifter.	1.000.000	Medarbeidarar i bh får då 4 av 5 ferieveker fastsett.
2.	Sommarstengt SFO ved 3 skolar i 3 veker samanhengande (veke 28, 29 og 30)	Innsparing vikarutgifter.	200.000	Medarbeidarar SFO får då 4 av 5 ferieveker fastsett.
3.	Opningstid barnehagane 07:30-16:30	Ikkje mogleg å søke dispensasjon om levering kl 07, henting kl 17	0	Ingen innsparing. Høgare kvalitet ved høgare bemanning i opningstida, mogleg redusert sjukefråvær.
4.	Intro-stønad 10890 2751	Redusert tal intro-program og kortare program	2.000.000	I tillegg er det lagt inn auka integreringstilskott kr. 1,8 mill., utan at budsjettet Ål introjenter er auka. Dette inneber føresetnad om totalt mottak 25 flyktningar i 2026; 20 ordinære og 5 mindreårige.
5.	Driftsjusteringar frå august -26	Vanskeleg å gjennomføre endringar i eit igangsett skuleår.	1.000.000	Sak til politisk behandling med ulike alternativ.
	SUM		4.200.000	

Resterande innsparingsbeløp for sektoren, kr. 4.227.373, foreslår ein fordelt på avdelingane slik:

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Avdeling	Kr pr avdeling	Innsparing/merknad
Kommunalsjef oppvekst	100.373	Halde 30% stilling vakant.
Barnehagar - felles	0	
Nordbygdene barnehage	160.000	Redusert vikarbudsjet. Omdisponering av personell ved fråvær, styrar dekker opp på avdeling når naudsynt.
Skattebøl barnehage	180.000	Redusert vikarbudsjet. Omdisponering av personell ved fråvær. Redusert budsjett driftsutgifter.
Sundre barnehage	450.000	Redusert vikarbudsjet. Omdisponering av personell ved fråvær. Sjukefråværsarbeid i samarbeid med NAV.
Torpo barnehage	165.000	Redusert vikarbudsjet. Omdisponering av personell ved fråvær, styrar dekker opp på avdeling når naudsynt.
Sando barnehage	175.000	40% stilling.
Skular - felles	0	
Nordbygdene skule	242.000	20% lærarstilling, redusert vikarbudsjet.
Nedre-Ål skule	866.000	100% mellombels stilling lærar
Skattebøl skule	0	
Torpo skule	217.000	Redusert vikarbudsjet. Redusert budsjett driftsutgifter.
Ål ungdomsskule	720.000	Avslutte 100% mellombels stilling sommaren -26. Redusert6 vikarbudsjet.
Musikk- og kulturskule	100.000	Kutt kjøp av tenester frå Buskerud Teater, utsetjing av kjøp inventar og utstyr, mindre annonsering, reduksjon i kurs og reiser.
Leirskule	0	
Ål introjenter	852.000	100% mellombels stilling lærar og 50% mellombels stilling flyktningkonsulent/miljøarbeidar.
Oppvekst totalt	4.227.373	Sjå meir detaljert informasjon om innsparingsforslag og konsekvensar under kvar avdeling/ansvar.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Tiltaka nedanfor er budsjetterte berre i 2025.

Tiltak 1 er det funne plass til innanfor budsjettframlegg -26, tiltak 2 delvis.

Tiltak 3-8 er ikkje vidareførte i budsjettframlegg 2026.

Tiltak nr	Tiltak	Kr	Merknad
1	Drift 2 avdelingar Skattebøl barnehage	6.000.000	Brenno og Trydalen – fysisk ved Skattebøl skule. Eitt-årig tiltak budsjett -25, vidareført driftsbudsjett i 2026.
2	25% stilling barnekoordinator	105.000	50% barnekoordinator, der 50% er finansiert frå helse, 50% frå oppvekst. Årleg kostnad kr. 213' for oppvekstsektor. Funne plass innanfor ramme til 6 mnd finansiering i 2026, tilsvarande i helse.
3	Årleg oppgradering og utskifting IKT-utstyr + opplæring	1.300.000	Vedteken IKT-plan for oppvekstsektoren, jfr. SUKO-sak PS 89/24
4	Tiltak einskildelevar/store og komplekse behov	6.000.000	2:1-bemanning, 1:1-bemanning, Inn på Tunet, alternative læringsarenaer, miljøterapeutisk team
5	Skattebøl skule	8.000.000	Dersom Skattebøl skule skal vera 1-4-skule frå hausten -26, må det budsjetterast med ca kr. 8.000' på årsbasis. Evaluering med undersøking blant føresette hausten -25
6	Skulematprosjektet – Stiftelsen Tid	1.000.000	Vidareføring av skulematprosjektet ved Ål ungdomsskule i samarbeid med Stiftelsen Tid har årleg kostnad ca kr. 1.000'. Stiftelsen Tid opplyser 13.10.25 at summen kan reduserast til kr. 520' for 2026.
7	KS-prosjektet "Flyktninger i jobb"	500.000	Vidareføring av KS-prosjektet

Andre tiltak det ikkje er funne plass til i 2026:

- Leirskuleopphald ca kr. 400.000, jfr. vedtak SUKO-sak PS 20/25
- Delfinansiering Polen-tur kr. 200.000, jfr. vedtak SUKO-sak PS 21/25

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett		166 199	166 199	166 199	166 199
Konsekvensjustert ramme		166 199	166 199	166 199	166 199
Innsparingstiltak					
Innsparing Nedre-Ål skule	Innsparingstiltak	-866	-866	-866	-866
Innsparing Nordbygdene barnehage	Innsparingstiltak	-160	-160	-160	-160
Innsparing Nordbygdene skule	Innsparingstiltak	-242	-242	-242	-242
Innsparing oppvekstkontoret	Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Innsparing Sando barnehage	Innsparingstiltak	-175	-175	-175	-175
Innsparing Skattebøl barnehage	Innsparingstiltak	-180	-180	-180	-180
Innsparing Sundre barnehage	Innsparingstiltak	-450	-450	-450	-450
Innsparing Torpo barnehage	Innsparingstiltak	-165	-165	-165	-165
Innsparing Torpo skule	Innsparingstiltak	-217	-217	-217	-217
Innsparing Ål introcenter	Innsparingstiltak	-852	-852	-852	-852
Innsparing Ål kulturskule	Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Innsparing Ål ungdomsskule	Innsparingstiltak	-720	-720	-720	-720
Justering drift oppvekstsektor fra august -26	Innsparingstiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Reduksjon introduksjonsstønad	Innsparingstiltak	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Sommarstengt SFO 3 veker	Innsparingstiltak	-200	-200	-200	-200
Sommarstengte barnehagar 3 veker samanhengande	Innsparingstiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Sum Innsparingstiltak		-8 427	-8 427	-8 427	-8 427
Nye tiltak					
50% stilling barnekoordinator (25% finansiert fra helse, 25% fra oppvekst), 6 mnd	Nye tiltak	105	105	105	105
Drift Skattebøl barnehage	Nye tiltak	6 000	6 000	6 000	6 000
Lønnsoppgjør 2025 kap. 3	Nye tiltak	536	536	536	536
Andre tiltak	Nye tiltak	40	40	40	40
Sum Nye tiltak		6 681	6 681	6 681	6 681
Nye tiltak og realendringer		-1 746	-1 746	-1 746	-1 746
Budsjettendringer					
Lønnsoppgjør kap. 4 2025	Budsjettendringer	5 079	5 079	5 079	5 079
Sum Budsjettendringer		5 079	5 079	5 079	5 079
Budsjettendringer		5 079	5 079	5 079	5 079
Ramme 2026-2029		169 532	169 532	169 532	169 532

Samandrag budsjett

Driftstiltak

A) Innsparingstiltak

Oppvekstsektoren skal totalt spare inn **kr. 7.427.373** i budsjettframlegg 2026. I tillegg er det lagt inn innsparing kr. 1.000', dvs **total innsparing kr. 8.427'**.

Desse tiltaka er lagt inn i framlegg til driftsbudsjett som **innsparingstiltak, totalt kr. 4.220.000**

- Sommarstengte barnehagar 3 veker, innsparing kr. 1.000.000
- Sommarstengt SFO 3 veker, innsparing kr. 200.000
- Redusert intro.stønad kr. 2.000.000
- Justert drift oppvekstsektor frå august -26 kr. 1.000.000

I tillegg er det lagt inn totalt **kr. 4.227.373** som innsparing fordelt på alle avdelingar i sektoren.

På sikt bør ein vurdere:

2. Vurdere skule- og barnehagestruktur ift bemanning, pedagogisk tilbod, tal barn/elevlar, økonomiske rammer og bygningsmasse

3. Vurdering organisering ift komplekse behov/særskilte tiltak, forsterka avdeling, ambulerande team, bruk av eksterne firma/Inn på Tunet, leirskulen

B) 1-årige tiltak 2025

Tiltak som ligg inne i ramma for 2025 som **1-årige tiltak:**

- auka barnehagedekning; auka kapasitet ved Skattebøl barnehage kr. 6.000' (ligg berre inne i budsjetttramma for 2025 med 8.300', og er ikkje vidareført i 2026)
- IKT (1.780' i 2025), årleg behov 1.300', jfr vedteken IKT-plan for sektoren (PS 89/24)
- midlar til ressurskrevjande tiltak skule og barnehage kr. 6.000'
- 25% stilling barnekoordinator kr. 213' (0,5 stilling finansiert 50% frå helse, 50% frå oppvekst)
- rom/utstyr praktisk/estetiske fag/varierte undervisning kr. 600'
- skulematprosjektet kr. 1.000'
- KS-prosjektet "Flyktningar i jobb" kr. 500'

Av desse er det funne plass i budsjettframlegg 2026:

1. 2 avdelingar ved Skattebøl barnehage kr. 6.000' (dvs Skattebøl barnehage som 4 avdelings barnehage)
2. 25% stilling barnekoordinator kr. 105' for 1. halvår 2026 (0,5 stilling finansiert 50% frå helse, 50% frå oppvekst, begge i 6 mnd 2026)

Det er ikkje funne plass til

- leirskuleopphald kr. 400', jfr. vedtak i SUKO-sak PS 20/25

- delfinansiering Polen-tur kr. 200', jfr. vedtak SUKO-sak PS 21/25

C) Ønsker nye tiltak i 2026 (også fremma budsjettframlegg -25):

- auka driftsbudsjett - alle avdelingar kr. 1.000'
- utbetring uteområde/leikeapparat barnehagar og skuler kr. 600'

Investeringsiltak lagt i budsjettframlegget for 2026:

- Oppussing klasserom N-fløy Nedre-Ål skule kr. 2.500'
- Utskifting dekke i ballbinge Nordbygdene skule/barnehage kr. 250'

Desse ønskte tiltaka er **ikkje** lagt inn i budsjettframlegget for 2026, men seinare år:

- Ny belysning og lettevegger basene Ål ungdomsskule
- Solskjerming Nedre-Ål skule
- Utbetring arbeidsrom Torpo skule

Innsparingstiltak

Justering drift oppvekstsektor frå august -26

Justering drift med verknad frå skuleåret 2026/27. Sak til politisk behandling med alternative løysingar ila 1. tertial 2026.

Reduksjon introduksjonsstønad

Kan redusere avsett sum til introduksjonsstønad med 2 mill kr frå 2026. Redusert intro-program, kortare varighet program.

Merk at det i tillegg er lagt inn auka integreringstilskott kr. 1,8 mill., utan at budsjettet Ål introjenter er auka.

Dette inneber føresetnad om totalt mottak 25 flyktningar i 2026; 20 ordinære og 5 mindreårige.

Sommarstengt SFO 3 veker

Sommarstengt SFO 3 veker samanhengande, veke 28, 29 og 30. Innsparing vikarutgifter. Medarbeidarar ved SFO vil då få 4 av 5 veker fastsett ila året.

Sommarstengte barnehagar 3 veker samanhengande

Utvide sommarstenging barnehagar frå 2 til 3 veker, veke 28, 29 og 30. Innsparing vikarutgifter. Medarbeidarane i barnehage får då 4 av 5 ferieveker i året fastsett.

Nye tiltak

50% stilling barnekoordinator (25% finansiert frå helse, 25% frå oppvekst), 6 mnd

Funne plass til finansiering i 6 mnd. Det same gjer helsesektor. Vurdering ved 1. tertialrapport om det er mogleg å finansiere 50% stilling for resten av 2026.

Drift Skattebøl barnehage

Drift utvida kapasitet Skattebøl barnehage utgjer kr 6 mill pr år.

8,2 mill i driftsbudsjett 2025 er teke ut fit budsjett -26.

Budsjettendringer

Lønsoppgjer kap. 4 2025
Lønnsoppgjør kap. 4 2025

Ønska tiltak

Beløp i 1000

	Prioritet	Endringskode	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Delfinansiering Polen-tur	1	Nytt tiltak	200	200	200	200
Leirskule	1	Nytt tiltak	400	400	0	0
Sum			600	600	200	200

Beskriving

Delfinansiering Polen-tur

Jfr. SUKO-sak PS 21/25.

Leirskule

Leirskuleopphald 2 trinn, jfr SUKO-vedtak PS 20/25.

Gjeld 2026 og 2027.

Nye tiltak

Delfinansiering Polen-tur

Jfr. SUKO-sak PS 21/25.

Leirskule

Leirskuleopphald 2 trinn, jfr SUKO-vedtak PS 20/25.

Gjeld 2026 og 2027.

Helse og omsorg

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Helse og omsorg	2 024	153,21	68,52%	9,27	30,91	193,39
Helse og omsorg	2 025	168,44	68,81%	14,16	30,39	212,99
Endring 2025-2024		15,23	0,28%	4,89	-0,52	19,60

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	197 012	219 334	211 482	214 333	214 338	214 316
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	33 072	13 761	11 787	12 587	12 587	12 587
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	73 579	69 456	43 980	43 980	43 980	43 973
Overføringsutgifter	2 124	1 367	1 367	1 367	1 367	1 367
Finansutgifter	2 784	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	308 571	303 918	268 616	272 267	272 272	272 243
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-15 330	-17 592	-14 735	-14 447	-14 447	-14 447
Refusjoner	-60 610	-57 168	-34 952	-32 814	-32 814	-32 814
Overføringsinntekter	-63	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 766	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-77 769	-74 760	-49 687	-47 261	-47 261	-47 261
Sum	230 801	229 158	218 929	225 006	225 011	224 982

Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområda spanner seg gjennom heile livsløpet med alt frå lågterskel og til spesialiserte tenester.

Ål har organisert tenestene sine innan fylgjande tenesteområde:

Kommunalsjef:

- **Stab:** Kommuneoverlege, kommunalsjef, rådgjevar forvaltning, rådgjevarar fag- og kvalitetsutvikling, konsulentar omsorgskontoret, brannvernleiar, systemansvarleg for Geric og e-helse (velferdsteknologi)

Institusjonstenester:

- **Avdeling Gjestetunet:** korttidsavdeling–rehabilitering og avlasting, samt natteneste
- **Avdeling Stugu:** langtidsavdeling med hovudvekt på geriatri og demens

Helse velferd og førebygging:

- **Familiens hus:** Tverrfagleg tenester til born og unge og deira familiar (inneheldt helsestasjon, vaksiner, jordmønstene, psykisk helse barn og unge, logoped, ungdomslø og PPT)
- **Legetenesta:** legetenester inklusiv daglegevakt og interkommunal legevakt for kveld, natt og helg samt interkommunal legevaktssentral
- **Avdeling Meistring:** Fysio- og ergoterapitenester, psykisk helse vaksne, oppsøkjande team og team for hukommelsvikt, Koordinerande eining (KE), heimevaktmeister, Leksvol. Dagsenter for personar med demens, dagsenter for eldre, Varmestugu–lågterskel psykisk helse, friskliv, hyblane og aktiv ung

Miljøterapi:

- **Miljøterapienesta avdeling 1 og avdeling 2:** Helse og omsorgstenester til menneske med nedsett funksjonsevne i alle aldrar, habiliteringstenester, aktivitetstilbod, og avlasting

Heimetenestene:

- **Heimetenestene:** yter helse- og omsorgstenester og praktisk bistand til heimebuande inkludert omsorgsbustader, i tillegg til Granly, Nigarden og Uppigarden

Interkommunale ansvar og samarbeidsområde der Ål er vertskommune:

- **Hallinghelse** – folkehelsekoordinator, koordinator læring- og meistring, fagleg koordinator, samhandlingsleiar, klinisk ernæringsfysiolog, felles koordinator velferdsteknologi, Trygg oppvekst/BTI, mobilt ferdigheitsteam. Stipendiatstilling tillit og Kompetanse. I tillegg er det ein rekkje utvikling- og kompetanseprosjekt med midlertidige prosjektstillingar. Det har i 2025 vore ein verksemdsoverdraging til Drammen når det gjeld Fag- og gjennomføringskoordinator for Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester.
- **Fagkoordinator IKT**
- **Intermediæravdeling og ø-hjelpeplassar** ved Hallingdal sjukestugu
- **Legevaktssentral**
- **Interkommunalt legevaktssamarbeid**

Andre samarbeidsområde som ligg i budsjettet er:

- NAV Hallingdal
- Hallingdal familie- og krisesenter
- Beredskap følgjeteneste gravide/fødande i samarbeid med Vestre Viken Helseføretak
- Miljøretta helsevern
- Felleskjøkkenet for Hol og Ål
- VINN Hallingdal

Utfordringar og strategi

Utfordringar i 2026 og strategi for planperioda

Overordna statlege styringssignal:

Helse- og omsorgstenestene står framfor store utfordringar i takt med nasjonale trendar og utvikling. Nasjonale reformer og omstillingar pålegg kommunen eit større ansvar for innbyggjarane si helse gjennom førebygging og behandling av sjukdom. I tillegg skal kommunane sikre at innbyggjarane får likeverdige tenester. Analyse og prognose viser eit aukande behov for helse- og omsorgstenester.

Statlege styringssignal som kan få økonomiske og ressursmessige konsekvensar:

- Samordne og styrke helsefremjande og førebyggjande arbeid knytt til barn og unge og deira familiar
- Særleg merksemd på barn- og familieperspektivet når det gjeld oppvekstvilkår og økonomi. Sikre barnets beste og medverknad.
- Jamne ut sosial ulikskap i helse og levekår. Likeverdige tenester i distriktet som i byane
- Tidleg innsats og førebyggjande arbeid innan psykisk helse og rus for å unngå at psykisk plager utviklar seg til psykiske lidningar.
- For å møte dei demografiske utfordringane må ein auke innsatsen for å utsette eller redusere behov for pleie og omsorgstenester
 - Betre planlegging, styrke førebygging og meir målretta tenester for at eldre kan bu trygt heime lenger, og at behov for helsetenester blir utsett.
 - Systematisk jobbe med prioriteringsarbeid, basert på kriteria nytte, ressurs og alvor. Prioriteringar kan også bety å tilby nye tiltak og tenester eller avvike eksisterande.
 - Sikre heilskaplege, samanhengande og tilpassa pasientforløp med gode overgangar.
 - Prioritere innovasjon og strategisk planlegging av kompetanseutvikling
 - Prioritere å bygge opp kompetanse på rehabilitering og meistring for å få til endring som er naudsynt i "den nye heimetenesta"
- Digitalisering og e-helse, bruk av velferdsteknologiske løysingar. Digitale løysingar skal støtte opp under ei heilskapleg samhandling mellom helsepersonell, og styrke innbyggjarane sine moglegheiter til å ta aktiv del i eigne behandlingsopplegg og styre eige liv
- Fornye, forsterke og forbetre fastlegeordning, ein tilgjengeleg og samanhengande akuttmedisinsk kjede, og modernisere allmennlegeteneste for det digitale skiftet.
- Styrke kompetanse på kvinnehelse
- Helseberedskap – eigenberedskap- beredskapsøvingar- beredskapslager for 6 månader er eit viktig fokusområde både nasjonalt og lokalt

Sektor for helse og omsorg blir utfordra av:

- Det er nødvendig med ei vridning og endring i organisering og oppgåvedeling for å kunne tilby forsvarlege og berekraftige tenester innanfor det økonomiske handlingsrommet
- Psykisk helse, ulikheit i levekår, utanforskap og einsemd i befolkninga er ein folkehelseutfordring som vil vere med på å gje auka behov for kommunale tenester for born, unge og vaksne
- Dei kommunale helse- og omsorgstenestene er i rask og kompleks utvikling:
 - stadig fleire komplekse helsetenester blir flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane utan at det fylgjer ressursar med.
 - Talet på eldre over 80 år i Ål ligg høgare enn landsnittet, og fleire vil ha behov for hjelp og omsorg.
 - Talet på personar med ei demensdiagnose aukar frå 135 personar i 2025 til 241 personar i 2050([Demenskartet](#)) Fleire av desse er yngre personar. Denne gruppa treng andre tenestetilbod enn eldre i tilsvarende situasjon.
 - Mange oppgåver blir meir komplekse — kroniske sjukdommar, samansette behov, større krav til kvalitet og samhandling.
 - Tilgangen på arbeids- og personellressursar minkar. Kommunen må «konkurrere» om helse- og omsorgspersonell.
 - Barn og unge med behov for omfattande tenester både frå oppvekst og helse
 - Auka rettighetsfesting, krav og forventningar
 - Store ressursar går til få tenestemottakarar der det kan vere naudsynt å kjøpe spesialiserte tenester for einskildd brukarar med særskilte behov
 - Aukande behov for tenester frå psykisk helse til både barn, unge og vaksne.
 - Betre samordning for barn, unge og vaksne - kan ha rett til tenester frå fleire aktørar.
- For å møte auka behov og redusert ressursvekst, er teknologi og nye løysingar viktige: velferdsteknologi, digital samhandling, effektivisering.
- Rekruttering av naudsynt og riktig kompetanse for framtida
- Busetting og inkludering av flyktningar er eit tverrfagleg og sektorovergripande felt. Busettingstal blir vedteke politisk frå år til år. Det er oppretta nytt akuttinntak frå 22.10.25 for inntil 285 personar. Desse vil ha behov for tenester frå helsesektoren
- Det jobbast for å behalde og rekruttere eige personell for å redusere behov for vikarbyrå
- Generelt høgt sjukefråvær i helse og omsorgssektoren - dette gjeld både korttids- og langtidsfråvær. Det er nødvendig å arbeide systematisk med å redusere sjukefråværet og det psykososiale arbeidsmiljøet

I tillegg ber regjeringa særskilt om at det blir sett i gang arbeid og utarbeida **handlingsplanar** innan:

- Digitaliseringsplan
- Demensplan (under utarbeiding)
- Regional og lokal handlingsplan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsutfordring (ferdigstilt 2025)

Kommunale planar som skal utarbeidast /reviderast:

- Psykisk helse og rus 2021-2025
- Plan for habilitering og rehabilitering
- Vald i nære relasjonar - interkommunal plan
- Boligsosial handlingsplan (under utarbeiding)

Pågåande prosjekt og utviklingsarbeid i sektoren:

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

- Flexisjukepleieutdanning 4 kull - første kull ferdig våren 2026
- Helsefagutdanning og fagskule
- Masterløp
 - Avansert klinisk sjukepleie
 - E-helse
 - Helsesjukepleiar
- Utryknings sertifikat
- Nødnett- opplæring
- Forskningsprosjekt
 - MedSafe Old- trygg medikamentbruk til eldre–deltaking i forskningsprosjekt i regi av Senter for omsorgsforskning
 - Deltaking i andre forskningsprosjekt med Senter for omsorgsforskning:
 - Utelatt helse- og omsorgshjelp, avvik og pasientsikkerhet i heimetjenestene
 - Generasjonenes hus- Senter for omsorgsforskning og Husbanken
 - Meistringsteknologi
 - Tillit og kompetanse for berekraftig digitalisering av helse- og omsorgstenester i små kommuner- Forskningsprosjekt i samhandling med USN, Telemark og Hallinghelse. Phd-stipendiat
 - EU-forprosjekt Hospital at home
- Ål er definert som Omsorgsforskingkommune - Samarbeid om samskaping mellom kommuner og forskningsinstitusjoner for bærekraftige helse- og omsorgstenester - Senter for omsorgsforskning
- Andre utviklingsprosjekt:
 - Ernæringsarbeid i samarbeid Hallinghelse
 - TØRN
 - BTI- trygg oppvekst
 - Velferdsteknologisk knutepunkt
 - Kronikaromsorg i legetenesta - nytte lege-og sjukepleieressursar inovativt i pasientbehandling
 - GNIST og nettverk bustadutvikling
 - Heilskapleg leiing av tenester til barn og unge - Deltaking i kursprogram KS
 - Trygg start - foreldrestøttande tiltak
 - Fact-ung - psykisk helse VVHF og kommunane
 - Tryggleiksplass for ROP-pasientar
 - *Prosjekt helse og arbeid- en kunnskapsoverføring* mellom spesialisthelsetjenesten og kommunehelsetjeneste, til fastleger og fysioterapeuter i kommunene, innen fagfeltet uspesifikke muskelskjelett plager med Brief intervention(BI) som metode.
 - Ny EPJ - Innføring av dokumentasjonssystem i 2027
 - Transkribering inn i journal - bruk av KI i legetenesta

Helse- og omsorgssektorens bidrag i høve til integrering:

Helse- og omsorgssektoren vil leggje til rette for å nytte relevant fagkompetanse til nye landsmenn gjennom språkpraksis, praksisplassar, og nødvendig styrking av kompetanse for godkjenning av helsefagleg utdanning. Det pågår språk- og kulturoplæring knytt til fagspråk innan helse.

Ål skal fortsette å vere helsekommunen i Hallingdal:

- Eit godt liv heile livet, gje god nok kvalitet - rett teneste - til rett tid -med rett kompetanse
- Helse- og omsorgstenestene skal fremje god helse, uavhengig av alder og bustad, og gje tilstrekkeleg hjelp til at brukaren kjenner seg trygg og kan meistre livet sitt

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Økonomi

For å bidra til berekraftig økonomi i kommunen har Helse- og omsorg redusert ramma med 14,1 mill.

Det er ikkje funne rom i budsjettet for fylgjande prioriterte tiltak:

- styrking av avdeling meistring med psykiatrisk sjukepleiar
- barnekoordinator i 25 % for meir enn 6 månader
- Styrking av frisklivssentralen

Ansvar	Innsparings-tiltak	Nye tiltak og lønnsjustering kap 5 og 3	Nye tiltak og realendring	Busjett-endring	Netto endring
3000 Kommunalsjef	- 14 107 000	25 645 000	11 538 000	146	11 538 146
3020 Avdeling legeteneste	- 761 000	635 000	- 126 000	235 000	109 000
3030 Avdeling Meistring	- 969 000	432 000	- 537 000	605 000	68 000
3040 NAV	- 903 000	-	- 903 000	-	- 903 000
3130 Familiens Hus	- 1 422 000	- 264 000	- 1 686 000	320 000	- 1 366 000
3131 PPT	- 170 000	152 000	- 18 000	65 000	47 000
3050 Stugu	- 1 297 000	48 000	- 1 249 000	835 000	- 414 000
3060 Natt- Gjestetunet	- 1 360 000	-	- 1 360 000	124 000	- 1 236 000
3070 Gjestetunet	- 1 299 000	82 000	- 1 217 000	172 000	- 1 045 000
3080 Miljøterapiavdeling 2	- 3 500 000	48 000	- 3 452 000	504 000	- 2 948 000
3090 Miljøterapiavdeling 1	- 1 300 000	48 000	- 1 252 000	446 000	- 806 000
3120 Heimeteneste	- 13 884 000	82 000	- 13 802 000	1 013 000	- 12 789 000
Sum	- 40 972 000	26 908 000	- 14 064 000	4 319 146	- 9 744 854

Elles:

- Planarbeid for framtidig utbygging av Helsetunområdet og ombygging/utviding av Sundrevegen 95
- Utgifter til økonomisk stønad er vanskeleg å forutsjå. Pr no har Ål lykkast med å få ut 83 % av flyktningar i arbeid.
- Hol kommune gjekk ut av samarbeidsavtala om felles PPT 31.12.2023. Ål PPT er vidareført med same tal på personalressursar,- tiltaket skal evaluerast jamleg og neste gong i november 2025
- Tidleg innsats er viktige satsingsområder som kan redusere behov i framtida. Trygg oppvekst-BTI, Trygg start, Familiestøttande tiltak, og gode samhandlingstiltak for barn og unge og deira pårørande er viktige satsingsområde
- For å vere rusta til å møte demografiske endringar pågår det planlegging for utbygging av til dømes sjukeheims plassar, omsorgsbustader, behandlingsseng og treningssal
- Innføring av personellbesparande digitale løysingar og teknologi
- Utvikle og betre pasientforløp for meir effektiv ressursbruk

Det blir vidare synt til Plan for helse- og omsorgstenester 2026-2029 (k-sak okt. 2025). Denne peikar på korleis vi skal utvikle framtidige tenester gjennom strategiske føringar, førebyggjande tiltak, samordning og tidleg innsats, for slik å møte morgondagens helse- og omsorgsutfordringar. Planen bidreg også til at politisk nivå kan gjere gode vurderingar, samt legge til rette for og utvikle godt samarbeid med brukarar og deira pårørande.

Planen beskriv satsingsområder for å møte utfordringane dei nærmaste åra samt optimalisere drifta.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett		228 528	228 528	228 528	228 528
Konsekvensjustert ramme		228 528	228 528	228 528	228 528
Innsparingstiltak					
1- årig reduksjon grunn av vakanse (permisjon) ansvar 3130	Innsparingstiltak	-588	0	0	-22
Betre Tenestestyrte bemanning - Gjestetunet	Innsparingstiltak	-821	0	0	0
Endring av budsjett Hallinghelse og Hallingdal miljøretta helsevern	Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Endring i budsjett for NAV Hallingdal og Krisesenter	Innsparingstiltak	-153	-153	-153	-153
Endring i økonomisk stønad til flyktingar	Innsparingstiltak	-750	-750	-750	-750
Endring nattvakt	Innsparingstiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Erfaringskosnulent - lønna av prosjekt 317 i 2026.	Innsparingstiltak	-387	0	0	0
Frikjøp - prosjektleder Tørn	Innsparingstiltak	-300	0	0	0
Innsparing og ompostering	Innsparingstiltak	-1 297	-1 297	-1 297	-1 297
Ansvar 3050 avdeling Stugu	Innsparingstiltak	-1 360	-200	-200	-200
Innsparing og ompostering ansvar 3060.- Natteneste	Innsparingstiltak	-2 165	-1 415	-1 415	-1 414
innsparing og ompostering ansvar 3000 - kommunalsjef	Innsparingstiltak	-478	-478	-478	-478
Innsparing og ompostering ansvar 3070 - Gjestetunet	Innsparingstiltak	-2 384	-2 384	-2 384	-2 384
Innsparingstiltak og ompostering - ansvar 3120 - Heimeteneste	Innsparingstiltak	-1 300	-1 300	-1 300	-1 300
Innsparingstiltak og omposteringar - ansvar 3090- Miljøterapiteneste 1	Innsparingstiltak	-11 500	-11 500	-11 500	-11 500
Opphøyr av kjøp av tenester	Innsparingstiltak	-10 542	-10 542	-10 542	-10 542
Opphøyr i kjøp av helsetenester	Innsparingstiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Reduksjon i bruk av vikarbyrå	Innsparingstiltak	-582	-582	-582	-582
Reduksjon i dagsenteraktivitet - Yngre Demente	Innsparingstiltak	-834	-834	-834	-834
Reduksjon i familiens hus	Innsparingstiltak	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Reduksjon i kostnader - kjøp av tenester	Innsparingstiltak	-761	0	0	0
Redusere stilling som sjukeheimslege i 1 år frå 100 % til 60 %	Innsparingstiltak				

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Vakanse på grunn av permisjon - 3131	Innsparingstiltak	-170	0	0	0
Sum Innsparingstiltak		-40 972	-36 035	-36 035	-36 056
Nye tiltak					
50 % stilling som barnekoordinator - 25 % stilling finansiert av helse og omsorgssektoren og 25 % finansiert av oppvekstsektoren i 6 måneder.	Nye tiltak	111	0	0	0
Kostnader IMA	Nye tiltak	1 000	1 000	1 000	993
Lønnsoppgjør 2025 kap. 3	Nye tiltak	403	403	403	403
nytt epj i helse - og omsorg	Nye tiltak	200	1 000	1 000	1 000
Ompostering - ansvar 3030	Nye tiltak	-5	-5	-5	-5
Ompostering og justering lønn og inntekter knytt til leger	Nye tiltak	399	399	399	399
Reduksjon i tilskott til ressurskrevjande tenester på grunn av endring i tenestebehov	Nye tiltak	24 778	24 778	24 778	24 778
Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta	Nye tiltak	-456	0	0	0
Andre tiltak	Nye tiltak	478	478	478	478
Sum Nye tiltak		26 908	28 053	28 053	28 046
Nye tiltak og realendringer		-14 064	-7 982	-7 982	-8 010
Budsjettendringer					
Lønnsoppgjer kap. 4 2025	Budsjettendringer	4 465	4 465	4 465	4 465
Sum Budsjettendringer		4 465	4 465	4 465	4 465
Budsjettendringer		4 465	4 465	4 465	4 465
Ramme 2026-2029		218 929	225 011	225 011	224 983

Innsparingstiltak

1- årig reduksjon grunn av vakanse (permisjon) ansvar 3130

1- årig reduksjon grunn av vakanse (permisjon) ansvar 3130. Totalt 40 %

Avslutte teneste 2341 - ikkje brukt

3120 -2341

Budsjettert med totalt k 348 000 på denne tenesta3120-2341. Denne er ikkje bruk

Betre Tenestestyrt bemanning - Gjestetunet

Det er ein stor variasjon i belegg ved Gjestetunet. Ved å ha ei betre tenestestyrt bemanning er det eit anslag på innsparing som følgjer:

Hvis Gjestetunet bare kutter dagvakt ved lavt belegg ca. 30 % av året (altså rundt 110 dager):

- Sykepleier: ca. 337 000 kr spart/år
- Helsefagarbeider: ca. 263 000 kr spart/år
- Assistent: ca. 221 000 kr spart/år

Dette er lagt inn med berre 1 års verknad, fordi det er vanskeleg å sjå behov for sjukeheimsplassar lengre fram enn eit år. Det blir og jobba med ei betre tenestestyrt på rullerande opphald.

Budsjettendring - Omsorgsstønad og Støttekontakt

Det er eit par vedtak som er redusert / borte, Det er ikkje pensjonskostnader på støttekontakt. Det er feilbudsjetter omsorgsstønad på teneste 2342.

Endring ansvar 3050 teneste 2531

Det er budsjettert med ekstra ressurs - Assisterande funksjon. Denne er no fordelt ut som gruppeleiarar med funksjonstillegg.

Ein kan derfor redusere som følgjer.

10100 kr 255 000

10900 kr 42 000

10990 kr 32 000

Endring av busjett Hallinghelse og Hallingdal miljøretta helsevern

Jf budsjettforslag frå Hallinghelse vil Ål sin del av kostnader for 2026 vere på kr 1,955 mill kr. Det er her tatt omsyn til at Nesbyen ikkje lengre er med i samarbeidet. Ål kommune budsjetterte også i 2025, men at Nesbyen ikkje lengre var med i samarbeidet.

Jf budsjettforslag frå Gol kommune vil Ål sin del av kostnader for 2026 vere kr 0,231 mill kr.

Totalt for 2026 blir kostnadene vere kr 2,186 mill kr. I 2025 var budsjettet på kr 2, 286 mill kr. Dette blir derfor ein reduksjon med kr 0.1 mill.

Endring i BPA- ordning

Det er budsjetttert på teneste 2543 som ikkje lengre er i bruk.

Lagt inn auke prosjekt 446

Endring i budsjett for NAV Hallingdal og Krisesenter

Budsjett for teneste 2421 i 2025	3 233 000
budsjettforslag frå NAV	1 924 733
Allereie redusert i økonomiplan (midlertidig stilling	480 000
<u>Budsjettforslag krisesenter</u>	<u>674 975</u>
Differanse	153 000

Dette gjer det mogleg å redusere ytlegare med kr 153 000 (totalt 633 000)

Budsjett krisesenter og barnevernsvakt. Det er som før lagt opp til ein fordelingsnøkkel med 54 % krisesenter og 46 % på barnevernsvakt. Budsjett totalt er på 1 249 953

Endring i økonomisk stønad til flyktingar

Det er dei siste åra blitt lagt inn auke i utbetaling av økonomisk stønad til flyktningar. Tala i 2026 viser at det er ein svak reduksjon i utbetalingar. Dette an kome av at det har vore ein reduksjon i tal på busette og at tidlegare busette har kome seg i arbeid eller flytta frå kommunen etter at introduksjonsprogrammet er fullført. Det er lagt inn eit forslag på reduksjon med kr 500 000. Dersom talet på busettingar aukar bør utbetaling av økonomisk stønad knyttast opp mot integreringstilskottet som kommunen mottek.

Endring nattvakt

Når nytt bygg blir tatt i bruk og med auka bruk av velferdsteknologi vil ein forsøke å redusere tal på nattevakter med totalt 1. mill.

Erfaringskonsulent - lønna av prosjekt 317 i 2026.

Erfaringskonsulent er til og med 2024 finansiert gjennom styrkingsmidlar psykisk helse og rus. "En erfaringskonsulent er en person som er ansatt i helse-, sosial eller velferdstjenestene på bakgrunn av egne erfaringer fra store livspåkjenninger eller sykdom, og som har brukt tjenestene i sin prosess for å komme videre. De benytter sin kunnskap, kompetanse og perspektiver for å støtte enkeltpersoner eller grupper, i tillegg til at de bidrar til tjenesteutviklingen. En erfaringskonsulent kan også ha pårørendeerfaring, og jobbe på bakgrunn av disse erfaringene i tjenestene." 60 % stilling vart lagt inn ramme og eit prioritert tiltak frå SHO i 2025. Stillinga vart finansiert via omfordeling. I og med at det er att prosjektmidlar på styrking innan rus og psykisk helse, kan stillinga i 2026 bli dekt av desse midlane.

Frikjøp - prosjektleder Tørn

Ål kommune får dekkja 30 % av prosjektleiarstilling i 1 år i Tørnprogrammet. Ved ppgåvefordeling kan tida til prosjektleiarane blir fristilt

Omfordeling ansvar 3070

Det ligg inne litt høgare lønnsbudsjett enn bruk på ansvar 3070 teneste 2531 - kan reduserast med 100 000

DEt er også litt høgt budsjetttert på 3070 2532 10105. Blir redusert med 100 000

Ompostering frå 2561 til 2532

Det har ligge inne kr 1,5 mill på teneste 2561. IMA blir fakturert frå teneste 2532. Desse postane på teneste 2561 skal derfor i 0

Opphøyr av kjøp av tenester

Opphøyr av tenestebehov . Må sjåast i samanheng med reduserte refusjonsinntekter ansvar 3000 2582

Opphøyr i kjøp av helsetenester

Opphøyr av kjøp av kommunale helsetenester grunna opphøyr av behov . Dette må sjåast i samanheng med reduserte refusjonsinntekter for ressurskrevjande brukarar.

Reduksjon 1 år med den 6. nattevakt ansvar 3060

Det vart lagt inn i ramme lønns-midlar til den 6. nattevakta i ansvar 3060. Pt er det redusert behov mellom anna fordi det ikkje er så mange brukarar i heimetenesta som treng tilsyn. Det er usikkert om det kan vere ei permanent løysing.

Det blir lagt inn eit lite beløp på ekstrahjelp for å dekke behov av meir kortvarig varigheit.

Reduksjon i bruk av vikarbyrå

Gjennom god ressursutnytting, samarbeid på tvers og tenestestyring , nye arbeidstidsordningar og at det pt er blitt fleire tilsette med fagkompetanse vil ein førsle å reduser bruk av vikarbyrå.

Reduksjon i dagsenteraktivitet - Yngre Demente

Pr d.d er det redusert / opphøyrte behov for dag-tilbod for yngre brukarar med demens. Det blir lagt inn ein reduksjon på 75 % stilling

Reduksjon i ferievikarpå fleire tenester

Reduksjon i ferievikarbudsjet ut i frå rekneskapstall. Dette fordrar at budsjett vikarbyrå blir oppretthalde

Reduksjon i kostnader - kjøp av tenester

Reduksjon i kjøp av tenester på reduksjon i administrative kostnader og endra tenestebehov

Reduksjon i lønn til heimehjelp - gevinstrealisering ved at innbyggjarar tek i bruk nye hjelpemiddel

Helsedirektoratet har i brev signalisert at det ikkje er urimeleg at kommunane kan krevje at innbyggjarar skal skaffe seg robotstøvsuger m/ vask på lik linje med at det er ein forventning av innbyggjarar har vaskemaskin og oppvaskmaskin.

Dersom kommunen legg dette til i tildelingskriteria vil ein anslagsvis spare ein 50 % stilling som heimehjelp, ved at dei som har behov for heimehjelp og som har eit husvære der ein kan nytte robotstøvsuger, vil få bistand i hovudsak for reingjering av kjøkken og bad.

Reduksjon i regulativbestemte tillegg - heimeteneser

Det er lagt inn ein reduksjon i regulativbestemte tillegg etter vurdering av bruk i rekneskap med kr 300 000

Redusere stilling som sjukeheimslege i 1 år frå 100 % til 60 %

Deter vakanse som sjukeheimslege. i 2026 vil sjå om det er tilstrekkeleg med 60 % sjukeheimslege.

Vakanse på grunn av permisjon - 3131

1- åring tiltak: vakanse på grunn av permisjonar.

Nye tiltak

50 % stilling som barnekoordinator - 25 % stilling finansiert av helse og omsorgssektoren og 25 % finansiert av oppvekstsektoren i 6 måneder.

Kostnader viser helse- og omsorgssektoren sin del for 1/2 år.

Det vart i 2022 eit lovheimlar krav om barnekoordiniator i kommunen. Styrke oppfølging av utsette barn og unge og deira familiar - auka samarbeid mellom velferdstenestene. Plikten til å tilby barnekoordinator lagt til kommunen etter helse- og omsorgstenesteloven § 7-2 a.

"Koordinerende enhet i kommunen har overordnet ansvar for oppnevning, opplæring og veiledning av barnekoordinator. Gjennom oppnevning av barnekoordinatorer utpekes hvem som har ansvaret for samordning av tenestene til barnet"

Stillinga har ligge i 2025 inne som ein mellombels stilling der helse- og omsorg hadde omprioritert innanfor ramma 25 % stilling og 25 % stilling vart dekt frå disposisjonsfondet. SHO og avdelingsleiargruppa i helse- og omsorg prioriterer ei vidareføring. Oppvekssjefen har signalisert eit ønskje om vidareføring.

God koordinering og tidleg innsats kan hindre auka behov for tenester, betre tilpassing og betre pårørandestøtte.

Stillinga blir vidareført med evaluering i 1/2 år, og der sektorane må finne dekning for ei vidare drift innanfor ramma.

Kostnader IMA

Det blir lagt inn ei auke på kr 1000 000, slik at totalbudsjettet blir 6 500. Bakgrunnen er at det er at IMA blir brukt mindre. Kortare sjukehusinnlegging, bruk av IMA og KAD plassar er også ei nasjonal trend.

nytt epj i helse - og omsorg

Det er starta eit interkommunalt prosjekt for å gå til innkjøp av felles dokumentasjonssystem / EPJ då dagens system er i ferd med å bli utdatert. Det enno ikkje sendt anbod. Det er lagt inn 200 000 i 2026 og 1 mill resten av budsjettperioden

Reduksjon i tilskott til ressurskrevjande tenester på grunn av endring i tenestebehov

Det er reduksjon i refusjon for ressurskrevjande brukarar då fleire kostnads-krevjande tiltak er endra, har opphøyr eller fordi brukar er > 67 år. Anslag er reduksjon frå 44,278 mill til 19,5 mill

Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta

Har fått og vil også neste år få prosjektmidlar til styrking av eksisterande helsestasjon og skulehelseteneste.

Budsjettendringer

Lønsoppgjer kap. 4 2025

Lønnsoppgjør kap. 4 2025

Ønska tiltak

Beløp i 1000

	Prioritet	Endringskode	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Utskifting av eldre datautstyr <2017	1	Nytt tiltak	140	0	0	0
Sum			140	0	0	0

Beskriving

Utskifting av eldre datautstyr <2017

Utskifting av datautstyr som er frå før 2017. Eldre pc støttar ikkje opp programvarer som den enkelte avdeling nyttar.

Nye tiltak

Utskifting av eldre datautstyr <2017

Utskifting av datautstyr som er frå før 2017. Eldre pc støttar ikkje opp programvarer som den enkelte avdeling nyttar.

Kultur

Innleiing

Kultur er førebyggjande! Kultur er helse! Kultur er viktig!

Kultur er naudsynt for eit samfunn. Me treng kultur som utfordrar oss og som kan gje tilværsle innhald og meining som enkeltmenneske og i fellesskap. Kultur er eit godt utgangspunkt for å bidra til å møte mange av dagens samfunnsutfordringar. Kultur kan motverke utanforskap og stimulere til deltaking og medborgarskap. Kultur kan stimulere til dialog gjennom å skape arenaer for menneskemøter på tvers av kulturer.

Kultursektoren i Ål legg bak seg nok eit innhaldsrikt år, der ulike aktørar får til utruleg flotte og varierte opplevingar. Saman med eit sterkt og godt lokalsamfunn gjer me Ål til ein god plass å vere, bu, og etablere seg i. Ein nyleg doktorgradsavhandling (Løkken 2023) bekreftar det me har visst lenge, at å utføre eller oppleve kultur gjer deg lykkeligare og bidreg til betre fysisk og psykisk helse. Vidare konkludera undersøkingar av kulturelle aktivitetar si ringverknadar med at når ein kommune investerar i eit kulturhus får de 3 kroner attende for kvar krone som er investert. Dei som deltek i kulturelle aktivitetar har lågare dødeligheit totalt, og lågare dødelighet av hjerte- og karsjukdom og kreftsjukdom. Kulturaktivitetar har noko meir for seg enn hygge og kos - det er rett og slett viktig for helsa vår.

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Kultur	2 024	10,24	57,50%	0,47	1,19	11,90
Kultur	2 025	11,25	61,35%	0,00	1,64	12,89
Endring 2025-2024		1,01	3,85%	-0,47	0,45	0,99

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	11 336	12 793	13 071	12 871	12 871	12 871
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	6 750	6 211	5 821	5 821	5 821	5 821
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	24	24	24	24	24
Overføringsutgifter	2 715	2 938	2 858	2 858	2 858	2 858
Finansutgifter	223	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	21 025	21 966	21 774	21 574	21 574	21 574
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-4 891	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135
Refusjoner	-2 472	-1 008	-1 008	-1 008	-1 008	-1 008
Overføringsinntekter	-2	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-68	100	100	100	100	100
Sum Driftsinntekter	-7 433	-6 043	-6 043	-6 043	-6 043	-6 043
Sum	13 592	15 923	15 731	15 531	15 531	15 531

Beskriving av verksemda i dag

Kultursektoren i Ål kommune består av 17 tilsette som fordeler seg slik; 3 stykk på kulturkontoret, 9 stykk på kulturhuset og 5 stykk på biblioteket, der ein er tilsett i Ål bygdearkiv i 40% stilling. Fem av desse vart tilsett i 2024: ny kommunalsjef for kultur, ny prosjektkoordinator for tradisjonsmusikk, ny kultur- og idrettskonsulent, ny sekretær/galleriansvarleg på kulturhuset og ein ny lydteknikar. Det vil verte ein av kommunalsjefen for kultur sine oppgåver å bygge kultursektoren opp som eit samansveisa lag med mange nye på laget. Når Ål kulturhus vart bygd på med Sprang, så var bygget skalert for bruk av 3 avdelingar - no er me 5 avdelingar som skal arbeide på huset. Det er trong om plassen og det fører til slitasje på huset ved mykje bruk.

Kulturkontoret har som sagt tilsett ein ny prosjektkoordinator for tradisjonsmusikk. Prosjektkoordinatoren har i 2024/2025 arbeidd med ei målsetting om å lage ein berekraftig regional modell som legg til rette for ei varig styrking av tradisjonsmusikk og dans i region Hallingdal. Koordinatoren starta 28. oktober 2024 i 50% stilling og skal vare i 18 månader. Denne stillinga vart finansiert frå Viken Fylkeskommune og Ål kommune. No er det søkt om støtte frå Buskerud Fylkeskommune via "regionale kulturtilskot", samt frå kommunane i Hallingdal til å finansiere 2 distriktsmusikarar og ein koordinator frå 1. mai 2026. Me er også i slutfase med eit prosjekt med å få kunst ut i det offentlege rom, der me startar med eit bilete av Rolf Nesch. Det vil også jobbast vidare med markering 50 år sidan kunstnaren døydd. Det kom ny kulturlov i 2025, med verknad frå 1. juli. Den legg vekt på armlengds avstand og oversikt over kulturfeltet, samt at kulturen skal inn i planverket.

Det har vore fokus på å byggje opp gode relasjonar med dei 191 lag og organisasjonar som er i Ål kommune. Det har vore gjort arbeid med til dømes: revidering av kulturplan 2026-2029, revidering av

frivilligstrategi, bevaring av Kastebue, kurs i spelemlidar, samarbeid med Visit Ål om marknadsføring av kultur til innbyggjarar og turistar. Og så hadde me besøk av Kronprinsparet 24. september, som var på sin årlege fylkestur i heile Hallingdal. Det var mykje planlegging på fyrrihand, besøket gjekk fort, men det virka som både Kronprinsparet og Ålingane tykte det var kjekt.

Ål Kulturhus vert definert som den tredje heimen; ein sentral møteplass og kulturarena for innbyggjarar i Ål og Hallingdal. Med eit variert program innan musikk, film, dans, teater, kunst og samfunnsdebatt, har huset styrkt si rolle som regionalt kulturhus og formidlar av både lokale og nasjonale kulturuttrykk. Kulturhuset har hatt utvida opningstider i samband med kino og arrangement, og har vidareutvikla digitale billettløysingar og kommunikasjon. Lokala er tilgjengeleg for møter, seminar og frivillig aktivitet. Kulturhuset har behov for vidare investeringar i vedlikehald, teknisk utstyr og universell utforming.

Ål bibliotek har igjen vore ein aktiv og sentral kulturarena og har arrangert alt frå foredrag, olivenoljekurs og det nye konseptet Månadens bok, som har skapt engasjement og lågterskel møteplassar for litteraturinteresserte. Det har også vore gjennomført arrangement som skrivekurs og forfattar-besøk, med god oppslutning frå innbyggjarane. Biblioteket har vidareført satsinga på formidling, læring og digital utvikling, og har samarbeidd tett med skular og barnehagar i kommunen. Som meirrope bibliotek har dei hatt gode opningstider og fleksible lokale, som gjer det mogleg å tilpasse rommet til ulike aktivitetar og sesongar. Dei har 4 tilsette fordelt på 3,25 årsverk, og ny barne- og ungdomsbibliotekar starta 15. oktober, etter ein vakant stilling frå 31. august 2025.

Utfordringar og strategi

Innleiing

Kultursektoren i Ål kommune er ein viktig samfunnsbyggjar og identitetsskapar. Gjennom kulturtilbod, møteplassar og frivillig innsats bidreg sektoren til livskvalitet, inkludering og attraktivitet. I ei tid med stramme økonomiske rammer er det avgjerande å prioritere målretta tiltak som sikrar eit mangfaldig og tilgjengeleg kulturliv.

Utfordringsbilete

1. **Økonomisk press:** Auka driftskostnadar og behov for vedlikehald av kulturbygg og møteplassar. Stramme kommunale budsjett gjev mindre handlingsrom for kulturtiltak.
2. **Demografiske endringar:** Færre unge og fleire eldre kan endre behovet for kulturtilbod. Utfordringar med rekruttering til frivillig aktivitet særleg blant yngre.
3. **Digitalisering og endra bruksmønster:** Endra bruksmønster krev nye formidlingsformer.
4. **Frivillig lag og organisasjonar og lokal engasjement:** Behov for styrka samhandling og støtte.
5. **Kulturen si rolle i samfunnsutvikling:** underkommunisert som verktøy for folkehelse og samfunnsutvikling.

Strategiske prioriteringar:

1. **Styrke samarbeid og samordning:** Etablere faste dialogarenaer med frivillige lag og organisasjonar. Styrke samarbeidet med regionale aktørar.
2. **Prioritere barn og unge:** Sikre brei tilgang til fritidstilbod. Støtte ungdomsinitierte prosjekt og medverknad.
3. **Digital utvikling:** investere i digitale plattformer og kompetanseheving.
4. **Kulturbygg og møteplasser:** vedlikehald og oppgradering av eksisterande kulturarenaer. Tilrettelegging for universell utforming og fleirbruk.

5. **Mangfold og inkludering:** Utvikle kulturtilbod som speglar heile befolkninga og støtte tiltak som fremjar integrering og sosial deltaking.
6. **Synleggjering og verdiskaping:** Kommunikasjon og marknadsføring av lokale kulturtilbod, og få inn kultur som del av stadsutvikling og næringsstrategi.

Økonomi

Innsparingskrav for kultursektoren i budjsettrundskrivet 2026 er på **kr. 582 453,-**. I tillegg er det lagt inn innsparingstiltak på kr. 67 547,- dvs totalt **650 000,- i innsparing**.

Kultursektoren foreslår å ta største delen av innsparing ved å ikkje ha kulturhuset opent etter kl. 16.00 måndag og tysdagar. Dette er dagar der det ikkje er kino og ein heller ikkje har dei store innteningsmoglegheiter. Ål bibliotek må då redusere sine opningstider desse to dagane med 3 timar kvar dag. Kulturskulen har verksemd desse dagane, men då kan ein stenge heisar og tilgangar, slik at kulturskulelæraren låser att etter ferdig aktivitet på sitt område. Dei som har møter pr. no på måndagar/tysdagar må då bli beden om å bytte dag eller få tilbod om møterom andre stader som kommunen har tilgang til. Sjølv om det ikkje er ynskjeleg å stenge "den tredje heimen" på kveldstid, er dette den einaste moglegheiten me ser til å kunne klare å spare inn ein større sum av eit allereie lite og stramt budsjett.

Reisten av innsparingskravet er henta inn frå postar der ein ser at det har vore att nokre små summar på budsjett jamfør forbruk.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett		15 948	15 748	15 748	15 748
Konsekvensjustert ramme		15 948	15 748	15 748	15 748
Innsparingstiltak					
Artisthonorar - innsparing	Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Innsparing driftsutgifter	Innsparingstiltak	-310	-310	-310	-310
Innsparing løn biblioteket	Innsparingstiltak	-30	-30	-30	-30
Overføring til andre - innsparinger	Innsparingstiltak	-30	-30	-30	-30
Stenging av kulturhuset mandag og tysdag	Innsparingstiltak	-180	-180	-180	-180
Sum Innsparingstiltak		-650	-650	-650	-650
Nye tiltak					
Lønnsoppgjør 2025 kap. 3	Nye tiltak	47	47	47	47
Sum Nye tiltak		47	47	47	47
Nye tiltak og realendringer		-603	-603	-603	-603
Budsjettendringer					
Lønnsoppgjør kap. 4 2025	Budsjettendringer	286	286	286	286
Sum Budsjettendringer		286	286	286	286
Budsjettendringer		286	286	286	286
Ramme 2026-2029		15 631	15 431	15 431	15 431

Samandrag budsjett

Ynskja tiltak framover:

Folkemusikkoordinator og distriktsmusikarar tradisjonskultur. Her er det eit spleiselag mellom kommunane i Hallingdal, og det er søkt støtte frå regionalt kulturfond. Sum lagt inn i budsjett er kr. 1 208 333,- (inkludert kr. 500 000,- i ev. tilskot frå regionalt kulturfond), og der kommunane refunderer sin del til Ål. Etter refusjon vert beløpet for Ål kommune kr. 175 086,- for 2026. I år 2027 531 439,-, utan peng frå fylket.

Restaurering av Kastebue: det er vedteke pengar til nedrulling frå disposisjonsfond, for å ta vare på orginal tømmer. Men det er ikkje vedteke økonomi pr. no til å setje opp att.

Vedlikehald ventilasjon kulturhuset kr. 500 000,- som forslag frå administrasjonen under investering Drift og Utvikling.

Opplysning om andre tiltak i kultursektoren som ligg under ynskja tiltak på budsjettet til kommunalsjef for drift- og utvikling:

Utvendig måling og vedlikehald av kulturhuset kr. 1 000 000,-

Tiltak me ikkje har funne rom til:

Universell utforming/rehabilitering/påbygg Ål idrettshall. Dette vart presentert på Strategikonferansa til SUKO i april 2024, men grunna nye folk på avdelinga, som treng å setje seg nøye inn i saken, så vart den ikkje tatt med no. Men me må gjere noko med universell utforming, så avgjersla vert kor mykje ein skal gjere når ein fyrst startar arbeidet. Totale kostnader for investeringar var i 2024 på kr. 33 550 000,-.

Auke i tilskot til lag- og organisasjonar kr. 150 000,-

Innsparingstiltak

Artisthonorar - innsparing

Av eit totalbudsjett på kr. 1 140 000,- vert det ein innsparing på kr. 150 000,-. Ved å auke inntektene så vil dette jamnas ut.

Innsparing driftsutgifter

Innsparing kr. 310 000,- frå andre tenester/diverse.

Innsparing løn biblioteket

Redusere lønskostnader med kr. 30 000,-.

Overføring til andre - innsparinger

Overføring til andre - innsparing kr. 30 000,-

Stenging av kulturhuset måndag og tysdag

Ved å stenge kulturhuset måndag og tysdag vert det innsparing på drift/adminkost kr. 180 000,-.

Budsjettendringer

Lønsoppgjer kap. 4 2025

Lønnsoppgjør kap. 4 2025

Ønska tiltak

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
	Prioritet	Endringskode	2026	2027	2028	2029
Byggdrift	7	Nytt tiltak	175	175	175	175
Konfernaseteknikk	6	Nytt tiltak	166	0	0	0
Tradisjonskultur - koordinator og distriktsmusikar	1	Nytt tiltak	300	300	300	300
Sum			641	475	475	475

Beskriving

Byggdrift

Drift:

Auking av byggdriftsbudsjettet frå 225 000 til 400 000. Det er behov for ei auking av driftsbudsjettet

grunna høg aktivitet. Det er høgare utgifter på grunn av høgare prisar som gjer at vårt driftsbudsjett må aukast for å møte dei krava huset har. Pris: 175 000,-

Konferanseteknikk

Konferanseteknikk

Då Sprang blei etablert fekk kulturhuset ein sal med moderne konferanseteknikk. Dette er ein standard som er svært viktig for avvikling av foredrag, seminar, konferansar og andre liknande arrangement. I dag manglar kulturhuset deler av dette i Storesalen og Veslesalen. Dei tilsette brukar unødig tid på opprigg og kulturhuset framstår uprofesjonell. Me treng å oppdatere utstyrspakka for å kunne være ein attraktiv aktør for kulturkonferansar og andre seminar. I dag brukar mange av kommunen desse lokalane gratis og det er bra! Med nytt utstyr kan kulturhuset bli enklare og meir attraktiv. Dette kan være ein nøkkel til leigeinntekter. Administrasjonen arbeider med å få inn mest mogeleg i eksterne midlar. Totalen vil være ca. 332 000,-, og målet er å få inn 50% i eksterne midlar.

Totalt: 166 000

Tradisjonskultur - koordinator og distriktsmusikar

Vidareføring av prosjektet "tradisjonskultur".

Noverande prosjekt sluttar april 2026, og det er ynskje om å vidareføre prosjektet. Det er søkt regionale kulturfond via fylkeskommuna for tilskot. Det vert også søkt andre ordningar. Kr. 300 000,- er summen viss alle kommunar i Hallingdal er med samt tilskot frå regionalt kulturfond.

Nye tiltak

Byggdrift

Drift:

Auking av byggdiftsbudsjettet frå 225 000 til 400 000. Det er behov for ei auking av driftsbudsjettet grunna høg aktivitet. Det er høgare utgifter på grunn av høgare prisar som gjer at vårt driftsbudsjett må aukast for å møte dei krava huset har. Pris: 175 000,-

Konferanseteknikk

Konferanseteknikk

Då Sprang blei etablert fekk kulturhuset ein sal med moderne konferanseteknikk. Dette er ein standard som er svært viktig for avvikling av foredrag, seminar, konferansar og andre liknande arrangement. I dag manglar kulturhuset deler av dette i Storesalen og Veslesalen. Dei tilsette brukar unødig tid på opprigg og kulturhuset framstår uprofesjonell. Me treng å oppdatere utstyrspakka for å kunne være ein attraktiv aktør for kulturkonferansar og andre seminar. I dag brukar mange av kommunen desse lokalane gratis og det er bra! Med nytt utstyr kan kulturhuset bli enklare og meir attraktiv. Dette kan være ein nøkkel til leigeinntekter. Administrasjonen arbeider med å få inn mest mogeleg i eksterne midlar. Totalen vil være ca. 332 000,-, og målet er å få inn 50% i eksterne midlar.

Totalt: 166 000

Tradisjonskultur - koordinator og distriktsmusikar

Vidareføring av prosjektet "tradisjonskultur".

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Noverande prosjekt sluttar april 2026, og det er ynskje om å vidareføre prosjektet. Det er søkt regionale kulturfond via fylkeskommuna for tilskot. Det vert også søkt andre ordningar. Kr. 300 000,- er summen viss alle kommunar i Hallingdal er med samt tilskot frå regionalt kulturfond.

Drift og utvikling

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Drift og utvikling	2 024	58,30	64,19%	0,00	1,52	59,82
Drift og utvikling	2 025	58,33	67,95%	0,00	1,83	60,16
Endring 2025-2024		0,03	3,76%	0,00	0,31	0,34

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	47 267	48 705	48 850	48 850	48 850	48 850
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	38 238	26 024	28 407	27 937	28 177	28 177
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	9 187	8 092	9 280	10 780	9 280	9 280
Overføringsutgifter	31 232	22 638	10 794	10 694	10 694	10 694
Finansutgifter	2 851	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	128 775	105 459	97 331	98 261	97 001	97 001
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-17 811	-13 629	-18 964	-18 064	-18 064	-18 064
Refusjoner	-15 442	-6 918	-6 618	-6 618	-6 618	-6 618
Overføringsinntekter	-53	-42	-17	-17	-17	-17
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2	-27 210	-4 000	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	-33 308	-47 799	-29 599	-24 699	-24 699	-24 699
Sum	95 467	57 660	67 732	73 562	72 302	72 302

Beskriving av verksemda i dag

Drift og utviklingssektoren har ansvar for drift av kommunal infrastruktur (vass- og avløpsnett, renseanlegg, vassverk, vegar, bruer) og alle kommunale bygg. I tillegg har sektoren ansvar for næringsutvikling, landbruk, friluftsliv, folkehelse, arealplanlegging, byggesak, eigedomsskatt, miljøfyrtårn, innkjøp, kart og oppmåling.

Arbeidet er organisert i 4 avdelingar med omlag 70 årsverk fordelt på om lag 77 tilsette:

- Utvikling og VAR (vatn, avløp, renovasjon)
- Veg og park

- Byggforvalting
- Reinhald

I tillegg høyrer det interkommunale kontoret for avløp og vassforvalting (KAV) med 4,8 årsverk fordelt på 5 personar til sektoren.

Fagfeltet til sektoren er vidt og sektoren forvaltar store verdier som det er utfordrande å halde vedlike og fornye.

Utfordringar og strategi

Vi er framleis avhengig av eit samarbeid/spleiselag med næringsliv, frivillige lag og private for saman å gjera Ål til ein god plass å bu, arbeide og besøke.

Under er det lista opp utfordringar med tilhøyrande strategiar:

1	God eldreomsorg med endra demografi
	• arbeide med å utvikle sjukeheimen for å ta høgde for framtidige behov • finne det rette innhaldet i Familiens Hus og bygge om
2	Skadar etter ekstremværet Hans
	• utbetre skadar på infrastruktur med støtte frå Statsforvaltar og NVE • vidareføre arbeidet med tilpassing til eit endra klima - har no søkt NVE om støtte til utbetring av bekkar i sentrum
3	Klimagassutslepp og avfall
	• arbeide med å redusere klimagassutslepp • utarbeiding av lokal tiltaksstrategi med utgangspunkt i Klimaplan for Hallingdal • Overgang til ein meir sirkulær økonomi med redusert forbruk og handtering av avfall • Arbeide mot meir klimavennlige innkjøp • Redusere energiforbruket i kommunale bygg og motivere innbyggjarar og privat næringsliv • leggje til rette for gang-, spark- og sykkelveggar og bruk av el-bil
4	Kommuneplan
	• arbeide vidare med Kommuneplanens arealdel for fritidsbustader og fjellområder • følgje opp rekkefølgebestemming med kryss i Kleivi
5	Maskinparken

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

	• avdeling reinhald bør fornye sine maskinar for å unngå store reparasjonar og stillstand • avdeling veg og park har eit fornyingsbehov som varierer mykje - for 2026 er behovet begrensa, men vil bli aukande
6	Innovasjon
	• vi ynskjer å arbeide med å kunne styre vaskefrekvens etter behov ved hjelp av sensorteknologi • avdeling reinhald vil også starte med å ta i bruk vaskerobotar

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett		75 645	75 295	75 545	75 545
Konsekvensjustert ramme		75 645	75 295	75 545	75 545
Innsparingstiltak					
Auke i husleigeinntekter	Innsparingstiltak	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Auke i husleigeinntekter (Torpomoen)	Innsparingstiltak	-55	-55	-55	-55
Auke i inntekter	Innsparingstiltak	-630	-630	-630	-630
Fellingsavgift m.m.	Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Fjerne klesgodtgjersle	Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Gebyr egedomsopplysningar	Innsparingstiltak	-300	-300	-300	-300
Husleigeinntekter Familiens hus	Innsparingstiltak	-1 600	-700	-700	-700
Innbetalningar frå private, m.a. tinglysingsgebyr	Innsparingstiltak	-200	-200	-200	-200
Innsparing arbeidsgjevaravgift	Innsparingstiltak	-160	-160	-160	-160
Innsparing forbruksmateriell	Innsparingstiltak	-750	-750	-750	-750
Innsparing forbruksmateriell	Innsparingstiltak	-300	-300	-300	-300
Innsparing forbruksmateriell	Innsparingstiltak	-230	-230	-230	-230
Innsparing KLP	Innsparingstiltak	-220	-220	-220	-220
Innsparing løn	Innsparingstiltak	-721	-721	-721	-721
Innsparing løn	Innsparingstiltak	-600	-600	-600	-600
Innsparing løn reinhald	Innsparingstiltak	-180	-180	-180	-180
Innsparing reinhaldssoner (matter)	Innsparingstiltak	-130	-130	-130	-130
Kommunale gebyr inntekt	Innsparingstiltak	-2 100	-2 100	-2 100	-2 100
Mindre leige av maskiner	Innsparingstiltak	-15	-15	-15	-15
Mindre reparasjonar, drifts- og anleggsmidlar	Innsparingstiltak	-70	-70	-70	-70
Nedgang i straumkostnadar	Innsparingstiltak	-600	-600	-600	-600
Reduksjon i bygg- og anleggstenester	Innsparingstiltak	-300	-300	-300	-300
Reduksjon i forbruksmateriell	Innsparingstiltak	-150	-150	-150	-150
Reduksjon i husleigeutgifter	Innsparingstiltak	-1 620	-1 620	-1 620	-1 620
Reduksjon i maskinleige	Innsparingstiltak	-30	-30	-30	-30
Reduksjon i materiell til vedlikehald	Innsparingstiltak	-125	-125	-125	-125
Reduksjon i overføringar til andre	Innsparingstiltak	-2 244	-2 244	-2 244	-2 244
Reduksjon medisinske forbruksvarer	Innsparingstiltak	-80	-80	-80	-80
Reduksjon serviceavtalar	Innsparingstiltak	-100	-100	-100	-100
Reduksjon verneutstyr	Innsparingstiltak	-60	-60	-60	-60
Reinhaldstenester	Innsparingstiltak	-15	-15	-15	-15
Skattepliktig fordel telefon	Innsparingstiltak	-35	-35	-35	-35
Tilskot veterinærvaktordning	Innsparingstiltak	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Uspesifiserte bygg- og anleggstenester	Innsparingstiltak	-1 300	-1 300	-1 300	-1 300

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Andre tiltak	Innsparingstiltak	-70	-70	-70	-70
Sum Innsparingstiltak		-19 790	-18 890	-18 890	-18 890
Nye tiltak					
Annonsering, informasjon	Nye tiltak	70	70	70	70
Auke av lisensar og gebyr	Nye tiltak	70	50	40	40
Auke driftsutgifter	Nye tiltak	1 150	1 150	1 150	1 150
Auke for reinhaldsartiklar	Nye tiltak	110	110	110	110
Auke i faste utgifter til heiser, Addsecure, alarm	Nye tiltak	200	200	200	200
Auke i forsikringar	Nye tiltak	50	50	50	50
Auke i forsikringskostnader	Nye tiltak	400	400	400	400
Auke i gebyr og avgifter	Nye tiltak	760	760	760	760
Auke i kommunale avgifter	Nye tiltak	2 240	2 240	2 240	2 240
Auke i tenester frå konsulentar	Nye tiltak	300	100	100	100
Auke i uspesifiserte bygg- og anleggstenester	Nye tiltak	250	250	250	250
Auke i utgifter til fiber	Nye tiltak	230	230	230	230
Auke innkjøp arb.sko, sengetøy, arbeidstøy	Nye tiltak	150	150	150	150
Auke leige av grunn	Nye tiltak	13	13	13	13
Beitekartlegging	Nye tiltak	0	500	0	0
Bioenergi	Nye tiltak	450	450	450	450
Forsikring	Nye tiltak	35	35	35	35
Forsikringar kollektive	Nye tiltak	20	20	20	20
Inndekking av raude dagar	Nye tiltak	50	50	50	50
Innleigde reinhaldstenester	Nye tiltak	80	80	80	80
Kartlegging av biologisk mangfald	Nye tiltak	0	1 000	0	0
Kommunale årsgebyr	Nye tiltak	500	500	500	500
Køyring med privatbil	Nye tiltak	10	10	10	10
Lisens programvare	Nye tiltak	35	35	35	35
Lisens Vectorworks (DAK)	Nye tiltak	20	20	20	20
Lønnsoppgjør 2025 kap. 3	Nye tiltak	108	108	108	108
Medarbeiderutvikling/opplæring	Nye tiltak	50	50	50	50
Opplæring	Nye tiltak	40	40	40	40
Overføringar frå andre	Nye tiltak	25	25	25	25
Overføringar til HBR	Nye tiltak	1 108	1 108	1 108	1 108
Overtid	Nye tiltak	50	50	50	50
Reduksjon i gebyrinntekter	Nye tiltak	2 400	2 400	2 400	2 400
Reduksjon i refusjon frå kommunar	Nye tiltak	500	500	500	500
Reduksjon i tilskot frå private	Nye tiltak	800	800	800	800
Refusjon frå kommunar	Nye tiltak	400	400	400	400
Sikker vindusvask	Nye tiltak	30	30	30	30
Tenestetelefon	Nye tiltak	35	35	35	35
Utgifter til elektro i kommunale bygg	Nye tiltak	750	750	750	750
Utgifter til salting og grusing	Nye tiltak	90	90	90	90

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Utgifter til VVS i kommunale bygg	Nye tiltak	500	500	500	500
Vikarløn ved ferie	Nye tiltak	250	250	250	250
Andre tiltak	Nye tiltak	197	197	197	197
Sum Nye tiltak		14 526	15 806	14 296	14 296
Nye tiltak og realendringer		-5 264	-3 084	-4 594	-4 594
Budsjettendringer					
Lønsoppgjør kap. 4 2025	Budsjettendringer	1 351	1 351	1 351	1 351
Sum Budsjettendringer		1 351	1 351	1 351	1 351
Budsjettendringer		1 351	1 351	1 351	1 351
Ramme 2026-2029		71 732	73 562	72 302	72 302

Samandrag budsjett

UTFORDRINGAR:

Kommunen må styrkje arbeidet med klimavenlege innkjøp, også i del 2. Det er også behov for å styrkje arbeidet med sirkulær økonomi for å redusere ressursbruk og avfall, til dømes gjennom gjenbruk av byggemateriale og inventar og stille krav til miljøvenlege produkt ved innkjøp.

Ein stor utfordring framover er å hindre reduksjon i folketalet. Samfunnsplanlegging er inkludert i ein tidlegare rein planleggarstilling.

Det er utfordrande å ta vare på og halde vedlike kommunale bruer og vegar. Det ikkje funne plass til oppgradering av kommunale vegstrekningar i 2026. Ny bru over Kulu er no ferdigstilt. Opparbeiding av uteområdet ved Sando barnehage er under arbeid. Det same gjeld utbetringar i Vestlia som er støtta med skjønnsmidlar. Arbeid med nytt kryss i Kleivi er og prioritert framover.

Maskinparken til avdeling reinhald treng fornying då mange av maskinene deira er utrangerte. Vaskerobotar maskiner kan effektivisere arbeidet. Det er kjøpt robot for bruk i idrettshallen. Framover vil ein også ta i bruk seniorteknologi for å gje grunnlag for å vaske meir etter behov. Vi vil først prøve ut dette for Nedre-Ål skule.

Det er eit stort etterslep på bygningsvedlikehald. Til neste år er ferdigstilling av omsorgsbustader i Brattebakken prioritert. Nybygg for avdeling miljøterapi er slutført i 2025, og det er sett av ressursar til planlegging av nye omsorgsbustader/sjukeheimsplassar/basseng i 2026 med eventuell byggestart i 2026-27. Tilgjengelege midlar for å satse på ENØK-tiltak i eige bygningsmasse er redusert frå tidlegare år. Vi vil prioritere å engasjere energirådgjevar for ein gjennomgang av bygningsmassen, slik at vi seinare kan konsentrere oss om dei beste tiltaka. Det er søkt om støtte frå Enova til dette arbeidet. Eit tiltak kan vere å bytte ventilasjonsanlegg med betre varmegjenvinning og styring. Ventilasjonsanlegga i Ål kulturhus og delar av Sundre barnehage bør først stå for tur.

Det er sett i gang eit prosjekt med radonmåling i kommunale utleigebustader. Avhengig av resultat kan det bli behov for radonreduserande tiltak. Pengane som er sett av til branntekniske utbetringar vil bli nytta for å få ein oversikt over dei største utfordringane når det gjeld branntrykkleik. Det er bygg med overnatting som blir prioritert først.

Ål kommune møter aukande utfordringar med ekstremvêr, flaum og skred som påverkar infrastruktur og bygg. Erfaringane etter uvêret Hans viser behovet for betre førebygging og tilpassing til eit endra

klima. Det er sett av midlar til klimatilpassande tiltak for å unngå skade på bygg og vegar og anna infrastruktur ved framtidige uværshendingar. Det blir søkt om tilskot frå NVE til dette arbeidet. Vi får utarbeidd ei liste som viser aktuelle tiltak i prioritert rekkjefølgje.

Ål kommune skal fylgje opp nasjonale mål om å redusere klimagassutslepp. Kommunen må redusere eigne klimautslepp gjennom energieffektivisering, fornybare energikjelder og meir klimavenleg drift. Nye bustadområde og næringsareal må planleggast med omsyn til flaum- og skredfare, grøn transport og levande sentrum. I 2023 hadde kommunen redusert klimagassutsleppet med 7,5 prosent samanlikna med 2009. Klimagassutsleppa blei redusert med 1,4 % frå 2022 til 2023.

Det er ikkje funne rom for særlege nye driftstiltak i 2026. Mange av budsjettpostane er justert, og for fleire av desse er bakgrunnen generelt auke i prisar. Andre stader har det tidlegare ikkje vore budsjettert på denne posten tidlegare. Avdelingane er innstilt på at 2026 blir eit år med mindre aktivitet.

Innsparingstiltak

Auke i husleigeinntekter

Budsjettposten er foreslått justert opp til reelt nivå.

Auke i husleigeinntekter (Torpomoen)

Justering opp til reelt nivå. Faktiske inntekter for utleige på Torpomoen (KAV, Miljøretta helsevern, Regionrådet, Hallinghelse).

Auke i inntekter

Brøyting for butikkar og liknande blir fakturert. Denne posten har vore ein del lågare enn reelle inntekter. Avdelinga må i større grad fakturere ulike arrangement.

Fellingsavgift m.m.

Budsjetterer godt under siste års inntekter. Ikkje tidlegare på budsjett.

Fjerne klesgodtgjersle

For 2025 vart det sett av kr 50.000,- for arbeidssko til reinhaldarar på denne posten. Dette beløpet blir flytta til posten 11209.

Gebyr eigedomsopplysningar

Ikkje tidlegare på budsjett. Litt under reelle inntekter siste år.

Husleigeinntekter Familiens hus

Reknar leigeinntekter frå Sparlokalet halve 2026. Gjeld også andre utleigelokalar i bygget.

Innbetalingar frå private, m.a. tinglysingsgebyr

Ikkje tidlegare på budsjett. Lagt på eit lågt nivå i forhold til seinare år.

Innsparing arbeidsgjevaravgift

På grunn av mindre lønsbudsjett.

Innsparing forbruksmateriell

Reduksjon til reelt nivå for denne posten.

Innsparing forbruksmateriell

Dette representerer ein vesentleg innstramming på diverse forbruksmateriell. Kan vere realistisk med stram oppfølging.

Innsparing forbruksmateriell

Reduksjon i behovet for forbruksmateriell.

Innsparing KLP

På grunn av reduksjon i lønsbudsjett.

Innsparing løn

Innsparing på post Anna ekstrahjelp

Innsparing løn

Innsparing på post Fast løn utan at det skal gå ut over stillingar.

Innsparing løn reinhald

Lønsbudsjettet kan justerast litt ned utan at det går ut over stillingar.

Innsparing reinhaldssoner (matter)

Mindre behov for leige av matter (reinhaldssoner) etter ein gjennomgang av behovet.

Kommunale gebyr inntekt

Kommunale gebyr for feiing og tilsyn utført av HBR. Tidlegare ikkje på budsjett.

Mindre leige av maskiner

Mindre behov for innleige av maskiner.

Mindre reparasjonar, drifts- og anleggsmidlar

Det vil bli forsøkt redusert på utgiftene til service og reparasjon av driftsmidlar. Har vore mindre forbruk enn budsjetttert tidlegare.

Nedgang i straumkostnadar

Justering i samsvar med faktiske utgifter siste år. Straumprisen ser ut til å ha stabilisert seg på eit lågare nivå enn tidlegare. Innkjøp av pellet (bioenergi) har vore inkludert her, men får no eigen budsjettpost.

Reduksjon i bygg- og anleggstenester

Vi reknar med mindre behov for innleigde bygg- og anleggstenester.

Reduksjon i forbruksmateriell

Blir ført på 6040. Justerast til null for 6050.

Reduksjon i husleigeutgifter

Reduksjon i utgifter til leige av lokale særleg på grunn av kjøp av Familiens Hus.

Reduksjon i maskinleige

Vi reknar med lite behov for innleie av maskiner.

Reduksjon i materiell til vedlikehald

Budsjettposten er tidlegare brukt opp. Avdelinga er innstilt på å redusere aktiviteten neste år.

Reduksjon i overføringer til andre

Auke i veterinærvaktordning (får tilskot). Reduksjon i bu- og blilyst, Sats på Hallingdal, Budeienettverk, sykkelstiar i fjellet og ladestasjonar.

Reduksjon medisinske forbruksvarer

Dette gjeld gassflasker til Hallingdal sjukestugu og sjukeheimen. Justert i samsvar med nivå siste år. Vil variere etter pasientbelegg.

Reduksjon serviceavtaler

Blir ført på 6040. Fjernast frå budsjett for 6050.

Reduksjon verneutstyr

Verneutstyr må framleis prioriterast, men har tidlegare vore litt overbudsjettert. Kan redusere innkjøp noko i forhold til siste år.

Reinhaldstenester

Ikkje behov for budsjett på reinhaldstenester.

Skattepliktig fordel telefon

Ikkje tidlegare på budsjett.

Tilskot veterinærvaktordning

Tilskot frå Landbruksdirektoratet. Ikkje tidlegare på budsjettet.

Uspesifiserte bygg- og anleggstenester

Gjeld driftsutgifter for heisar, låsesystem og liknande. Innleige av entreprenørar skal begrensa. Budsjettposten har tidlegare inkludert elektro, VVS og liknande som no får eigne budsjettpostar.

Nye tiltak

Annonsering, informasjon

Dette gjeld annonsering i aviser mellom anna for varsel av arealplaner. Sjølv med nytt beløp ligg me godt under siste års forbruk.

Auke av lisensar og gebyr

Gjeld mellom anna gebyr til Statens kartverk og lisensar til Simien, Miljøfyrtårn og liknande. Ekstra innbetaling til Kartverket i 2026 og 2027.

Auke driftsutgifter

Dette gjeld utgifter til drift av maskiner (drivstoff, delar, service). Denne posten har tidlegare vore svært låg. Posten er lagt litt under siste års forbruk. Det blir lagt opp til ein viss innsparing.

Auke for reinhaldsartiklar

Prisar på reinhaldsartiklar har auka. Bør dermed auke budsjettet til reelt nivå.

Auke i faste utgifter til heiser, Addsecure, alarm

Gjeld abonnement på alarmtenester inkludert overføring til brannvesenet. Også faste utgifter til heiskontrollar. Ikkje tidlegare eigen budsjettpost.

Auke i forsikringar

Denne posten er justert i samsvar med reelle forsikringsutgifter (maskiner, bilar, bygg).

Auke i forsikringskostnader

Har fått ein generell auke i forsikringsutgifter. No har me også to nye bygg som skal forsikrast (Familiens hus og Prestegardsjordet).

Auke i gebyr og avgifter

Gjeld lisensar på naudsynt programvare (m.a. LAFT), renovasjon og brannalarm m.m. Her har budsjettposten vore for låg og blir justert til reelt nivå.

Auke i kommunale avgifter

Det viser seg at reelle kommunale avgifter er ein del større enn tidlegare budsjettet. For 2026 vil dette auke ytterlegare på grunn av Familiens hus og Prestegardsjordet.

Auke i tenester frå konsulentar

Gjeld mellom anna bistand frå Skred AS og Asplan Viak. Tek høgde for at det er eit behov i samband med kommuneplanen. Eigenandel for GNIST-prosjektet kjem i 2026.

Auke i uspesifiserte bygg- og anleggstenester

Gjeld diverse vedlikehaldsbehov for kommunale bygg. Her aukar prisane, og me bør ikkje kome mykje på etterskot.

Auke i utgifter til fiber

Det er installert fiber i fleire utleigeeiningar. Gjeld også kommunale formålsbygg. Justert til nivå for siste års forbruk. Skal hentast inn gjennom husleige.

Auke innkjøp arb.sko, sengetøy, arbeidstøy

Gjeld innkjøp av sengetøy og arbeidstøy til helseinstitusjonar i tillegg til tørkepapir og liknande til alle formålsbygg. Prisane har gått ein del opp i det siste. Støtte til arbeidssko er også inkludert her og blir flytta frå konto 11650.

Auke leige av grunn

Dette gjeld leige av områder ved skuletoppen. Allstad er grunneigar.

Beitekartlegging

Det er krav om beitekartlegging i samband med arealplaner. Det er kartlagt ein del områder frå før, men det er ikkje komplett.

Bioenergi

Gjeld innkjøp av pellet til fjernvarmeanlegget ved idrettshallen. Skal no også gje oppvarming til nybygg på Prestegardsjordet. Ikkje tidlegare eigen budsjettpost.

Forsikring

Avdelinga sin del av forsikringane. Ikkje tidlegare på budsjett.

Forsikringar kollektive

Ikkje tidlegare budsjettet

Inndekking av raude dagar

Tidlegare er det ikkje budsjettet for inndekking av naudsynt reinhald på raude dagar. Dette gjeld helseinstitusjonar.

Innleigde reinhaldstenester

Tidlegare ikkje budsjetttert. Behov for innleigde reinhaldstenester etter oppussing og for nokre utleigebustader.

Kartlegging av biologisk mangfald

Statsforvalter stiller krav om at kommunane skal kartleggje biologisk mangfald. Ål kommune har gjennomført slik kartlegging tidlegare, men har behov for å kartleggje nye områder. Dette er i samband med arealplanlegging.

Kommunale årsgebyr

Ikkje føringar i rekneskapen.

Køyring med privatbil

Det er fokus på minst mogleg køyring. Posten blir justert til nærare reelt forbruk.

Lisens programvare

Gjeld FDV-systemet LAFT som er aktivt i bruk. Ikkje tidlegare budsjetttert.

Lisens Vectorworks (DAK)

Lisens for tegneprogram. Vil kunne halde branntekniske teikningar og grunnlag for reingjering oppdaterte utan ekstern bistand. Også viktig i samband med mindre byggesøknadar.

Medarbeiderutvikling/opplæring

Det er ønskjeleg med konkrete midlar til medarbeidarutvikling/opplæring.

Kompetansenivået i avdelinga er fallande, noko som kjem av at faglærte reinhaldsoperatørar går av med pensjon.

Tiltak for å auka kompetansenivået er viktig av fleire årsaker. Mellom anna for å sikra ønska reinhaldskvalitet og rett tenestenivå til brukarane i kommunen. Vidare for å sikra avdelinga tilgang på arbeidskraft i form av fagleg trygge, og motiverte medarbeidarar.

Eit mål for bruken av definerte midlar til opplæring kan vera økonomisk støtte til å ta fagbrev. Avhengig av typen kurs eller fagleg oppfølging som til kvar tid er tilgjengeleg, har dette ein total kostnad på 10.000-25.000 for den enkelte.

Fagorganiserte har høve til å få inntil 50% dekt gjennom stipend. Alle er likevel ikkje organiserte, og sjølv med 50% dekning er dette ein kostnad som er anstrengjande for ein medarbeidars privatøkonomi.

Det vil også komma behov for å sertifisera faglærte medarbeidarar, innanfor kvalitetsstyring, vaskeri-drift og anna. Dette krev deltaking på kurs som har ein kostnad.

Opplæring

Ikkje tidlegare på budsjett.

Overføringar frå andre

Ingen føringar siste år. Bør ikkje budsjettere med inntekt her.

Overføringar til HBR

Det har vore ei auke i overføringar til Hallingdal brann og redning.

Overtid

Det blir noko overtid særleg når det gjeld snøbrøyting. Denne posten er ikkje tidlegare budsjettert.

Reduksjon i gebyrinntekter

Gjeld gebyr frå utviklingsavdelinga (m.a. byggesaksgebyr). Justering til dagens nivå med lågare aktivitet i byggebransjen.

Reduksjon i refusjon frå kommunar

Har tidlegare hatt GIS-rådgjevar for andre kommunar. Framleis skogbrukssjef 30% for Hol kommune.

Reduksjon i tilskot frå private

Gjeld fakturering av straum og internett i utleigebustader. Har vore budsjettert for høgt, og reduserast til nivå for siste år.

Refusjon frå kommunar

Ingen refusjon frå andre kommunar siste år.

Sikker vindusvask

Det er ikkje forsvarleg å lene seg ut av vindauga i øvre etasjar. Kulturhuset har store vindusflater høgt over bakken. Bør ha ein sum som dekkjer innleigd bistand til slikt arbeid.

Tenestetelefon

Tidlegare ikkje på budsjett.

Utgifter til elektro i kommunale bygg

Gjeld elektroinstallasjonar og har tidlegare ikkje vore på budsjett. Nivået er noko lågare enn reelle utgifter dei siste åra og gjeld nødvendig drift av bygg (reparasjonar og utbetringar) i tillegg til oppussing av utleigeeiningar. Planen er å gjennomføre mindre oppussing enn tidlegare.

Utgifter til salting og grusing

Forbruket har vore vesentleg over budsjett tidlegare. No skal det nyttast rimelegare salt (mindre Dustex) og grusinga for vedlikehald blir forsøkt redusert. Likevel behov for å justere litt opp.

Utgifter til VVS i kommunale bygg

Har tidlegare ikkje hatt eigen budsjettpost. Nivået er noko under reelle utgifter dei siste åra og gjeld nødvendig drift av bygg (reparasjonar og utbetringar) i tillegg til oppussing av utleigeeiningar. Gjeld sanitær- og ventilasjonsanlegg. Reknar med noko lågare aktivitet for neste år.

Vikarløn ved ferie

Det blir jobba med å redusere dette. Foreslått budsjett er mindre enn reelt forbruk siste år. Ikkje tidlegare budsjettert.

Budsjettendringer

Lønsoppgjer kap. 4 2025

Lønnsoppgjør kap. 4 2025

Investeringsbudsjett

Investeringstabell

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp			Sum Økonomiplan	
	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2026-29	Inntekt 2026- 29
Branntrygging	7 875	0	7 875	2 500	0
Dokklisvingen	200	0	200	200	0
ENØK - eigne bygg	29 500	0	29 500	1 000	0
Familiens hus - bruksendring og ombygging	3 000	0	3 000	3 000	0
Flaum og skredkartlegging Liagardane med tiltak - skjønnsmidlar	4 800	-3 840	960	1 000	-800
Flaum og skredkartlegging Vestlia med tiltak - skjønnsmidlar	7 600	-6 080	1 520	4 000	-3 200
Forprosjekt turstig	375	0	375	375	0
Nordbygdane skule - Feten	125	0	125	125	0
Funksjonelle arbeidsrom Torpo skule	3 000	0	3 000	3 000	0
Gamlevegen (etappevis)	13 100	-2 000	11 100	1 000	0
Grunnkjøp / sal av grunn - kjøp av eigedom / sal av eigedom	700	-560	140	100	-80
Kjøp av ny GPS til oppmåling	250	0	250	250	0
Kolbotnsvingen - Vestliavegen	2 550	-2 040	510	2 550	-2 040
Kringlevegen	550	0	550	550	0
Liagardsvegen	1 000	0	1 000	1 000	0
Låsesystem for omsorgsbustader	400	0	400	400	0
Molokker Tingstugu	250	0	250	250	0
Naturverdikartlegging	2 050	-800	1 250	800	-800
Nedre Ål skule	2 500	0	2 500	2 500	0
oppgradering av N-fløy Nordbygdene skule - utvendig måling	800	0	800	800	0
Nytt kryss Kleivi	10 000	0	10 000	9 500	0
Ombygging Ål brannstasjon	4 500	0	4 500	4 500	0

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp			Sum Økonomiplan	
	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2026-29	Inntekt 2026-29
Opparbeiding av sentrumsnære tomter aldersgruppa 65+	1 000	0	1 000	1 000	0
Opprusting av Doktor'n til ungdomsklubb	300	0	300	300	0
Overvannsledning Trolløyne/Carfix	5 500	-4 400	1 100	5 500	-4 400
Parkeringsområde og droppsone Ål idrettshall	12 125	0	12 125	200	0
Prestegardsjordet-avd.miljøterapi	55 290	-12 000	43 290	100	0
Renovere bad Stugu (16 rom a 250')	4 250	0	4 250	500	0
Renovering av leiligheter Brattebakken	10 625	0	10 625	1 400	0
Røysevegen	250	0	250	250	0
Sambinding gangstig Stasjonsvegen - Sundrejordet - Kulturhustorget	1 875	0	1 875	1 875	0
Sensorteknologi	900	0	900	900	0
Sikringstiltak Hellinggrove og Stavegrove	20 624	-20 200	424	17 624	-20 200
Sikringstiltak og ny bru Kvinda - skjønnsmidlar	15 700	-12 560	3 140	6 700	-5 360
Sikringstiltak sentrum – Bekk 1 og 2	17 400	-13 000	4 400	17 000	-13 000
Sireåne Bustadfelt	4 200	0	4 200	4 200	0
Skattebøl skule - bruksendring til barnehage	1 000	0	1 000	1 000	0
Solskjerming Nedre Ål skule	500	0	500	500	0
Stavin drenering rundt nr. 7,9,11 og 12 og nytt vass- og avløp	8 000	0	8 000	5 000	0
Stikkrenner og vegar Hellinggrove og Stavegrove - skjønnsmidlar - NVE og BFK	19 386	-2 600	16 786	14 386	-2 600
Tak idrettshallen	8 000	0	8 000	8 000	0
Tiltak for å redusere radon i utleigebygg	4 000	0	4 000	4 000	0
Trafikksikring/Trafikk	5 985	0	5 985	1 200	0
Utelager Oppsjø	2 400	0	2 400	800	0
Uteområde Nedre Ål skule	25 537	-1 620	23 917	200	0

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp			Sum Økonomiplan	
	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2026-29	Inntekt 2026-29
Utskifting av gjerde nedanfor Fjellheimhuset	200	0	200	200	0
Utskifting av maskiner veg og park	12 045	-200	11 845	6 950	0
Utskifting maskiner renhald	4 018	0	4 018	2 705	0
Ventilasjon kulturhuset	2 500	0	2 500	2 500	0
Øvre Hago	290	0	290	260	0
Ål helsetun - forprosjekt omsorgsbustader-basseng	238 625	-500	238 125	208 800	0
Ål kulturhus utbygging	625	0	625	200	0
Ål ungdomsskule - funksjonelle rom	4 100	0	4 100	4 100	0
Sum investeringsprosjekt	582 375	-82 400	499 975	357 750	-52 480

Investeringsbudsjett

Branntrygging

Vi ynskjer å få ein oversikt over branntryggleiken i alle kommunale bygg. Dette må gjerast over nokre år, og vi tenkjer å prioritere overnattingsbygg. Det er nødvendig å leige inn bistand til brannteknisk tilstandsanalyse, og det vil bli behov for utbetringar.

ENØK - eigne bygg

Det er stadig behov for energiøkonomiserande tiltak for kommunal bygningsmasse. Dette kan vere etterisolering, utskifting av vindauge og liknande. Som ein hjelp til å prioritere rett tiltak, har vi ein plan om å engasjere ein ekstern rådgjevar. Gjennomførte tiltak vil gje innsparing på energiforbruk.

Familiens hus - bruksendring og ombygging

Ål kommune har kjøpt Familiens Hus. Vi må først gjennomføre eit forprosjekt for å vurdere korleis vi skal utnytte lokala i 1.etasje og om det bør byggast noko nytt i området. Deretter må det gjennomførast ein bruksendring og ombygging.

Forprosjekt turstig Nordbygdane skule - Feten

Dette var sett av i 2025 og er vidareført til 2026. Prosjektet er ikkje starta opp.

Funksjonelle arbeidsrom Torpo skule

I dag er det arbeidsrom utan skjerming/dører. Dette gir store utfordringar når det gjeld arbeidsro.

Gamlevegen (etappevis)

Gamlevegen har stor slitasje og bør utbetrast med masseutskifting og nytt asfaltdekke. Dette bør gjerast etappevis.

Kitilsvegen

Vegen er utbetra, men autovern manglar.

Kjøp av ny GPS til oppmåling

Ål kommune har to landmålarar, og begge har hatt kvar sin GPS mobilstasjon. Den eine av desse har slutta å fungere, og det vil ikkje løne seg med reparasjon. Med kun ein stasjon vil kapasiteten for oppmåling reduserast.

Kolbotnsvingen - Vestliavegen

Det vart observert sprekkdanningar i asfalten. For å sikre vegen mot utrasing, valte vi å traue ut og lage ein sikringsvoll for å sikre vegen mot utrasing. Det viser seg at det var ustabile massar under vegen og sikringsvollen sikrar mot utrasing. Veggen må utbetrast og krysset bør utvidast. Vi reknar med å nytte skjønnsmidlar til ein del av dette arbeidet.

Kringlevegen

Kringlevegen er i dårleg forfatning, og har behov for nytt asfaltdekke.

Liagardsvegen

Gjeld utbetring av svingen ved Medgard der det er ein del problem på vinterstid. Her trengs det ein utviding og utskifting av masse. Ein strekning som ikkje er asfaltert bør asfalterast.

Låsesystem for omsorgsbustader

Konvertert frå MP-42-Låsesystem for omsorgsbustader

Utskifting til patentert låsesystem. Risiko med dagens system:

Eit system som ikkje er patentert medfører risiko for at nøklar kan kopierast hos ikkje-autoriserte nøkkelprodusentar. Nøklar blir kopiert utan at det blir stilt spørsmål ved dette. Ved utlån av nøkkel, kan han være kopiert før retur.

Det er i dag ingen moglegheit for å vite antal nøklar til systemet som er i omløp.

Molokker Tingstugu

Det er behov for betre renovasjonsløysing i Tingstugu-området. Pengane avsett for 2025 er ikkje nytta sidan det har vore ei utfordring å finne ein ideell plassering.

Naturverdikartlegging

For å få eit betre kunnskapsgrunnlag når vi legg areal ut til byggeformål. Slik det har vore fram til i dag, har kommunen lagt ut areal utan å ha kunnskap om kva vi faktisk bygger ned. Konsekvensen ved å ikkje gjennomføre dette er at vi ikkje har peiling på kva vi vil komme til å bygge ned, og på den måten ikkje svarar ut § 8 i naturmangfaldlova. Det blir søkt om tildeling frå Miljødirektoratet (Natursats), men bestillinga av arbeidet må gjerast i år.

Nedre Ål skule oppgradering av N-fløy

Planlagde utbetringar i 3.etasje N-fløy (austre del):

- Rive eksisterande foldeveggar og sete opp att faste lydveggar og lyddører der det er grupperom pr i dag (2 stk) (slik som i F fløya)
- Alle rom skal ha systemhimling
- Ombygging av vent.kanaler pga ny himling
- Ny belysning
- Måling av klasserom
- Nytt belegg

Arbeidet må utførast i sommarferien.

Nytt kryss Kleivi

Statens vegvesen stiller krav om nytt kryss i Kleivi dersom nye næringsområder skal utviklast.

Ombygging Ål brannstasjon

Ål brannstasjon har ingen form for inndeling i reine og ureine soner, slik Arbeidstilsynet stiller krav om i Arbeidsplassforskrifta. Det har generelt vore ein aukande fokus på dette temaet saman med kreftisiko for brannmenn. Ål brannstasjon har berre ein garderobe som dermed må delast av begge kjønn. Vi ynskjer å etablere garderobeløysing for begge kjønn med reine og ureine soner. Det kan bli aktuelt med eit mindre tilbygg.

Opprusting av Doktor'n til ungdomsklubb

Konvertert frå MP-41-Opprusting av Doktor'n til ungdomsklubb

Det er ynskje om å pusse opp Doktorn-bygget for å kunne nytte dette til ungdomsklubb. Dette gjer at vi unngår å leige Sundrehall.

Overvannsledning Trolløyne/Carfix

Det er behov for å utbetre overvannsledningane under Vestliavegen aust for Ål stasjon. Eksisterande overvannsledningar er tette og deformerte. Bane Nor har rehabilitert overvannsledningar under jernbanelinja i dette området aug 2025.

Parkeringsområde og droppsone Ål idrettshall

Prosjektet vest for idrettshallen er nesten ferdig. Det blir foreslått å overføre ein liten sum til neste år for komplettering.

Prestegardsjordet- avd.miljøterapi

Nytt bustadbygg med åtte leilegheiter blir ferdigstilt hausten 2025.

Renovere bad Stugu (16 rom a 250')

Bad på pasientrom blir utbetra når rom blir ledige. Toalett og vaskar må skiftast ut. Det blir også montert skåp og gjennomført utbetring av veggplater.

Renovering av leiligheter Brattebakken

Seks av sju leilegheiter i Brattebakken 8 er under renovering. Tre av desse blir ferdige i 2025 og dei tre siste blir slutført i 2026. Omsorgsbustadane kan ikkje leigast ut før oppussing er gjennomført.

Røysevegen

Røysevegen er i dårleg forfatning og har behov for fresing og nytt asfaltdekke.

Sambinding gangstig Stasjonsvegen - Sundrejordet - Kulturhustorget

Det er gjort avtale om at Ål kommune skal bidra for etablering av gangvegen nord for Ål Sentrumpark.

Sensorteknologi

Konvertert frå MP-37-Sensorteknologi

Sikringstiltak Hellinggrove og Stavegrove

Utbetringar etter uveret Hans.

Sikringstiltak sentrum – Bekk 1 og 2

Det er søkt om støtte frå NVE til sikring av bekk 1 og 2 i Ål sentrum med fordrøyningsbasseng i Øvre-Ål. Arbeidet er planlagt utført i 2026 dersom støtte frå NVE blir innvilga.

Skattebøl skule - bruksendring til barnehage

Ved endring av bruk frå skule til barnehage er det behov for ein bruksendring med samtykke frå Arbeidstilsynet. For ein slik prosess er det behov for å få inn nokre prosjekterande (arkitekt, brann, ventilasjon m.m.). Deretter må vi vurdere om vi kan nytte eigne ressursar for utføringsarbeidet.

Solskjerming Nedre Ål skule

Eksisterande markiser er gamle, og har behov for reparasjonar. Det er ynskjeleg å erstatte desse med screens. Dette gjeld N-fløya (lengst aust).

Stavin drenering rundt nr. 7,9,11 og 12 og nytt vass- og avløp

Dette er ein nødvendig utbetring av vassforsyning og drenering på Stavin. Ved oppføring av nytt bystadbygg vart det forutsett betre sløkkevatn. Dette blir no gjennomført. Det er gjort avtale med Turhus AS for dette prosjektet. Tildelte midlar for 2025 blir i liten grad brukt.

Stikkrenner og vegar Hellinggrove og Stavegrove - skjønnsmidlar - NVE og BFK

Utbetringar etter uveret Hans.

Tak idrettshallen

Konvertert frå MP-36-Tak idrettshallen

Tiltak for å redusere radon i utleigebygg

Konvertert frå MP-32-Tiltak for å redusere radon i utleigebygg

Trafikksikring/Trafikk

Oppfølging av vedteke trafikktryggingplan.

Utelager Oppsjø

Nytt lagerbygg er under oppføring. Ein del av midlane som vart løyvd i 2025 blir ikkje nytta før i 2026.

Uteområde Nedre Ål skule

Prosjektet er eigentleg ferdig, men det gjenstår noko gjerde.

Utsifting av maskiner veg og park

Det er naudsynt med fornying av teknisk utstyr for å oppretthalde beredskaps- og vedlikehaldsnivået.

For 2026 er det behov for å skifte ut steamkjelen på grunn av mykje ekstrajobb med lekkasje og vedlikehald. Det er også behov for eit brøyteskjær til hjullaster.

For 2027 er det eit stort ynskje å bytte ut ein eldre gravemaskin med ein nyare brukt.

For 2028 ser det ut til at veghøvelen må bytast til ein nyare. Veg og park har god nytte av veghøvel ikkje minst for å oppnå sikrare vegar på vinterstid. Høvelen blir også nytta til leigekøyring for nabokommunane.

Utsifting maskiner renhald

Det er tidlegare sett av midlar til innkjøp av ulike typar reinhaldsmaskiner, som blir brukt i arbeidet med dagleg og periodisk renhald av golv.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

For perioden 2025-2028 vil avdelinga også få eit stort investeringsbehov når det gjeld vaskemaskiner. Vaskemaskiner blir brukte til vask av klutar og moppar som blir brukte til dagleg reingjering. Kvart bygg må ha ei velfungerande maskin.

Noverande maskinpark består av 15 vaskemaskiner (7-8 kg) som er 12-15 år gamle og som har ein levealder på 13-15 år. Halvparten av desse har vorte reparerte i fleire omgangar og det er ikkje lenger økonomisk forsvarleg å bruka pengar på dyre reparasjonar, samanlikna med kostnad for nyinnkjøp.

I tillegg har me husvaskeriet på Ål Helsetun som vart bygget i 2016. Maskinene der har ein levealder på 10-12 år. Det siste året har me hatt fleire dyre reparasjonar på spesielt den eine barrieremaskina. Sida både vaskemaskiner og tørketromlar er like gamle, er sannsynet stor for at me snart får eit aukande vedlikehaldsbehov også på den andre barrieremaskina.

I talmaterialet er det berekna følgjande takt på utskiftingsbehovet:

2025: 5 vaskemaskiner for moppar/klutar 7-8 kg

2026: 2 maskiner 7-8 kg, og dessutan nye maskiner til barrierevaskeriet

2027: 4 vaskemaskiner 7-8 kg

2028: 4 maskiner 7-8 kg

Oppdatering pr. september 2025

Avdeling reinhald vart tildelt midlar til investering i nye vaskemaskiner for perioden 2025-2028.

